



2014

## HEMSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING

**INNHOLD**

INNHOLD.....	2
RÅDMANNENS KOMMENTAR .....	3
ORGANISASJONSKART HEMSEDAL KOMMUNE .....	4
KOMMUNESTYRET .....	5
FOKUSOMRÅDE BEFOLKNING, SAMFUNN OG NÆRING .....	6
FOKUSOMRÅDE ØKONOMI .....	12
FOKUSOMRÅDE FOLKEHELSE .....	18
FOKUSOMRÅDE BARN OG UNGE .....	20
FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR .....	21
TENESTEOMRÅDE KULTUR OG OPPVEKST .....	26
TENESTEOMRÅDE HELSE OG OMSORG .....	44
TENESTEOMRÅDE TEKNISK .....	53
TENESTEOMRÅDE ADMINISTRASJON.....	61
INVESTERINGAR.....	64
DRIFTSREKNESKAPEN 2014 .....	65
INVESTERINGSREKNESKAPEN 2014.....	66
BALANSEN 2014.....	67
KOSTRA 2014.....	68
ÅRSRAPPORT IKT - HALLINGDAL.....	69
SOSIALTENESTA (NAV).....	71
ÅRSMELDING 2014 FOR HALLINGDAL BARNEVERNTENESTE .....	73

## RÅDMANNENS KOMMENTAR

Hemsedal kommune kan sjå tilbake på eit svært godt år på mange av dei prioriterte områda. Dette gjeld både økonomisk resultat, tenesteproduksjon og folketalsutvikling. Folketalet har auka med 49 personar til 2345 personar ved nyttår 2014. I den siste femårsperioden har folketalet i Hemsedal auka med 257 personar. Dette er den prosentvise største veksten i Buskerud.

Driftsrekneskapen viser eit godt resultat for tredje året på rad. Nøkkeltalet netto driftsresultat er kr. 3 776 902. Korrigert for investeringsmomsen (kr -254 914) og ekstraordinær overføring til to spelemidelprosjekt til Hemsedal idrettslag (kr 1 400 000) er netto driftsresultat kr. 4 921 988. Årets resultat er som tidlegare år positivt påverka av premieavvik, men i mindre grad enn tidlegare. Årets premieavvik kr -2 159 549 pluss amortisering av tidlegare års premieavvik kr. 1.013.276. gir eit endeleg korrigert netto driftsresultat på kr. 3 775 715.

Netto driftsresultat er negativt påverka av at vi har kostnadsført kr. 1 243 019 meir i avdrag av langsiktig gjeld enn budsjettet. Dette er gjort på bakgrunn av forenkla metode for berekning av minsteavdrag anbefalt av kommunerevisjonen. Den totale langsiktige gjelda blir etter denne berekninga nedbetalt over 22,2 år

Årets rekneskapsmessige overskot på kr. 5.254.425 blir føreslege overført til disposisjonsfondet. Dersom kommunestyret gjer vedtak om dette vil disposisjonsfondet bli på kr. 26 464 279. Kommune har i løpet av dei siste tre åra styrka disposisjonsfondet med kr 14 360 042 samtidig som kommunen har overført kr. 1 900 000 til tre spelemidelprosjekt i regi av Hemsedal idrettslag. Disposisjonsfondet utgjer 12,5 % av brutto inntekter, noko som er innanfor anbefalt nivå. Men kommunen har lite av andre fond slik at likviditeten til kommunen er under gjennomsnittet for vår kommunegruppe.

Hemsedal kommune investerte kr. 22 494 306 i 2014. Hovuddelen av dette er opparbeiding av bustadfeltet Trøim sør (kr. 10,3 mill.) og etablering av gangbru langsmed Thorsetbrua (kr. 8,4 mill.) Det siste prosjektet er i hovudsak finansiert ved anleggsbidrag frå private.


Kommunes langsiktige lånegjeld er tilnærma lik ved årets slutt som ved starten av året. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld minus startlån og ubrukte lånemidlar) utgjer 68,8 % prosent av brutto driftsinntekter. Dette er på nivå med gjennomsnittet i vår kommunegruppe, men i det øvre sjiktet i Buskerud. Vurdert mot aktiva i balansen, spesielt VAR-området og bustadomter for sal, er den langsiktige lånegjelda for kommunen litt betre enn gjennomsnittet for vår kommunegruppe.

Innanfor tenesteområda oppnådde kommunen mange gode resultat i år som tidlegare år. Det er stor aktivitet på nær alle områder. For mange tenester har vi målinger som viser gode resultat. For ein del tenester har vi ikkje gode nok metoder for målstyring, men det er likevel rådmannens oppfatning at det er produsert gode tenester og at vi har godt fornøgde brukarar. Rådmannen meiner kommunen utpeikar seg ved å vera jamn god på alle områder.

Dyktige tilsette er den viktigaste faktoren for å kunne tilby gode tenester. Resultatet av dette er fornøgde brukarar og gode resultat. Det god grunn til å takke alle medarbeidarane for innsatsen i 2014.

Det er og grunn til å framheve det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Hemsedal. Kommunen sin tenesteyting saman med frivillige arbeid er viktig for bulyst i bygda.

## ORGANISASJONSKART HEMSEDAL KOMMUNE



Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd. Formannskapet med tillegg av representantar frå Framstegspartiet og Sosialistisk venstre er økonomiutval. Formannskapet med tillegg av to tillitsvalde er administrasjonsutval.

## Kommunestyret

Oddvar Grøthe	Ordførar	Senterpartiet
Tove Eggen Lien		Senterpartiet
Pål Rørby		Senterpartiet
Knut H Ulsaker		Senterpartiet
Torstein Tuv		Senterpartiet
Jan Egil Halbjørhus		Høgre
Odd Holde		Høgre
Marte Steimler Thorset		Høgre
Iren Halbjørhus		Høgre
Tore Flaget		Høgre
Helene Sagabråten	Varaordførar (til 10. okt.)	Arbeiderpartiet
Jon Grøthe	(frå 10. okt.)	Arbeiderpartiet
Olav Syversbråten		Arbeiderpartiet
Olav Støyten	Varaordførar (frå 10. okt.)	Kristeleg Folkeparti
Håvard Venås		Kristeleg Folkeparti
Tor Grøthe		Framstegspartiet
Tronn Inge Tuv		Framstegspartiet
Elin Tangen etter		Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyremøta blir overført på Radio Hallingdal og sakspapir og møteprotokollar blir gjort tilgjengelege på kommunens heimeside [www.hemsedal.kommune.no](http://www.hemsedal.kommune.no).

Tal handsama saker	2011	2012	2013	2014
Kommunestyret	155	151	72	92
Formannskap	104	98	73	92
Hovudutval Plan og ressurs	110	105	84	105
Hovudutval Livsløp	52	77	37	39

Hemsedal kommune fekk elektroniske distribusjon av sakspapir og vedlegg til møter for politikarar i starten av 2013. Kvar av politikarane i faste råd og utval, samt enkelte vararepresentantar, fekk Ipad som arbeidsverktøy. Ipadene i seg sjølv førte med seg ein kostnad for kommunen i forhold til innkjøp, men reduserte utgiftene til kopiering av politiske papir, samt porto til utsending, vil utlikne desse eingongskostnadene på kort tid. Effektiviseringa som elektroniske møter har ført med seg har også ført til at personressursar har blitt nytta andre stader. Det gamle systemet var tidkrevjande og dyrt. Det nye systemet er effektivt og raskt.

## FOKUSOMRÅDE BEFOLKNING, SAMFUNN OG NÆRING

Kommuneplanen sin samfunnsdel skildrar kommunen sine overordna mål, og etterfølgjande oversikt syner ei kort resultatskildring i høve overordna mål.

### **Utbyggingsstrategi:**

*«I Hemsedal vil me ha ein bevisst utbyggingspolitikk som tek omsyn til bærekraft, miljø og framtidige generasjonar.»*

I samband med handlingsplan for 2014 vart «Kommunal planstrategi 2012-2015» på ny oppdatert. Planstrategien fastsett kva for planoppgåver kommunen må starte opp, eller gjennomføre for å legge til rette for ønskja utvikling i kommunen.




Kart som syner forslag til lokasjon av nye heiser.

I **Trøym sentrum** vest - har spesielt spørsmål om gondol og sikring av areal for framtidig fylkesveg stått sentralt. Planforslaget tok omsyn til mogelege utbyggingsområder omkring ein framtidig gondollokalisering, samt forslag til korleis dei samferdselsmessige utfordringane burde løysast. Framdrifta i dette arbeidet vart påverka av Statens Vegvesen og NVE sidan dei retta motsegn til planframlegget. Trafikk-teljingar (vinterferie- påske) samt ny politisk prioritering i høve lokalising av heiser/ gondol la sommaren grunnlaget for ein ny start på planarbeidet. Den politiske bestillinga inkluderer no pulsgondol frå området Øya Camping til Fjellandsbyen, i tillegg til fleire heiser/ ein gondol rett til fjells frå området omkring Bruhaug.

I gjeldande reguleringsplan for Totteskogen vart det sikra trase for **alpin nedfart til sentrum**.

Skistar ønskja å etablere denne nedfarten, men bestemte rekkjefølgjekrav i plan ville utsette eit



slikt tiltak. For å sikre ei utvikling i Trøym sentrum vart det gjennom ulike prosesser ovafor Statens Vegvesen dispensert frå rekkjefølgjekrav mellom anna på vilkår av at det vart bygd ei frittståande gangbru over Heimsila sør for Fanitullen. Kommunen jobba aktivt for å få etablert ei heilt ny Skogstad bru inkl trase for gang/ sykkelveg, men dette fekk ikkje gehør hjå Statens Vegvesen. Etter ei gjennomføringsavtale med

Statens Vegvesen vart grunnlaget for ei etablering lagt. Anbod synte ei totalkostnad på om lag kr. 8.4 millionar inkl mva for frittståande gangbru samt tiltak for gang/ sykkelveg fram til RV 52.

Utbyggingsavtala med Magne Olav Thorset og Skistar sikra gjennomføring. Samstundes vart det

gjeve byggjeløyve til Skistar for etablering av alpin nedfart til Trøym sentrum etter at kommunen etter ein lang og komplisert grunneigaravklaring sikra tiltrede til grunn i tråd med gjeldande reguleringsplan. Før ny vintersesong var både gangbru inkl, gang/sykkelveg fram til RV 52, samt alpin nedfart ferdig etablert.



Kommunen har samstundes starta opp **områdeplan for Trøym aust**,- ein plan

som har som føremål å klarlegge framtidige areal for offentlege føremål omkring reinseanlegg, brannstasjon, Hemsedal Borne- og Ungdomsskule, samt Bygdeheim. Framdrifta i dette planarbeidet er mellom anna avhengig av kva for skulestruktur kommunen bestemmer seg for. For å sikre tilstrekkeleg areal for gravplasser vart det parallelt utarbeide ein detaljreguleringsplan for utviding av ny **Kyrkjegard/ gravlund**.

**Slutthandsaming av områdeplan for Ulsåk** sikra nærings- og utvidingsareal, samt samferdselsmessige løysningar omkring oppvekstsenteret. Arealføremål omkring Fossheim hotell og Camping vart teke ut av planen for ein nærmare avklaring i høve grad av fritid/ næringsførmål.


Etter utlegging av **kommunedelplan for Lykkja/ Markegardslia** vart det registrert 28 innspel på planframlegg. Etter ein gjennomgang av innspela samt påfølgjande synfaringar tilrådde kommuneplannemnda endringar med mellom anna noko fortetting, og flytting av tomter. Desse endringane ville innebere krav om ny utlegging, eit val kommunestyret fekk seg førelagt rett på nyåret 2015. Ny plan vert venta vedteke i løpet av 2015.

**Butilbod:**

«I Hemsedal vil me at alle som bur, eller ynskjer å bu skal finne attraktive, varierte og tenlege butilbod.»

Utviklinga av **folketalet** er framleis positiv. Etter eit lite kvileskjær i 2012 har me vokse med 49 Hemsedølingar siste året, - til saman 120 dei siste to åra. Mange opplever kommunen som ein attraktiv fjellkommune – sentralt mellom aust og vest. Med bra tilgang på bustadtomter, og bornehageplassar er det no viktig å legge til rette for fleire arbeidsplassar. Det er framleis viktig å vurdere framskrivings modeller av folketalsutviklinga kritisk i høve kommuneøkonomi.

Arbeidet med å opparbeide **kommunale bustadtomter** går etter planen. Nytt bustadfeltet på




Fiskum er ferdigstilt. Alle tomter vert selt til sjølvkost. Etter ei omregulering vart det opna opp for 7 fleire bueiningar slik at totalkostnaden vert fordelt på fleire einingar.

Samstundes reviderte

kommunen retningslinjer for sal av kommunale bustadtomter slik at også lokale eigedomsutviklerar no kan kjøpe tomter for fleirmannsbustader, eller bestemte tomter for einebustad i kommunale bustadfelt. Ved utgangen av året hadde kommunen selt to 2-mannsbustader, og ein einebustadtomt på Fiskum, samt 5 einebustadomter på Svø III.

Totalt sett er kommunen nå godt rusta kva gjeld tilbod av sentrumsnære eine-/ fleirmannsbustadtomter på Ulsåk og Trøym, mens det står att hydrogeologiske undersøkingar på Tuv for å



kunne fastsette kor ein kan regulere/- lokalisere bustader utan å komme i konflikt med ny planlagt drikkevasskjelde. Det er framleis eit sterkt ønskje å hindre at bustader vert brukt som fritidsbustader, - ein bruk som både kan påverke bustad pris, men også føre med seg ulike miljøproblem spesielt i

bustadfelt. To gonger kvart år vert det gjennomført ein kontroll mot folkeregisteret for å sjekke manglande busetting. Det har ikkje vore registrert mykje brot på buplikta i 2014.

**Samferdsel og kommunikasjon:**

«I Hemsedal vil me ha ein effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane i kommunen.»

**Trafikken** gjennom Hemsedal er framleis aukande og det har ved fleire høve vore reist spørsmål om kva kommunen kan gjere for å få til ei fullgod gang- og sykkelveg langs RV 52 fram til og med Tuv. Eit innbyggjarinitiativ var starten på ein prosess der ordførar har forsøkt å få til ein frivillig avtale for etablering av ein enkel gang-/ sykkelveg på sørsida av Heimsila mellom Tuv og Holdebakken. Samstundes vart reguleringsplan for etablering av ein gang- og sykkelveg på nordsida av RV 52 mellom Trøym – Holde bru vedteke. Statens Vegvesen har stadfesta at ei realisering av gang- og sykkelvegen vert starta opp hausten 2016.

Arbeidet med **trafikktryggleik** har høg prioritert. Etter lokalt påtrykk har Statens Vegvesen stadfesta etablering av fartshump, samt forlenga 40 km/t sona på RV 52 mellom Moen bru og Ulsåk sentrum. Tiltaket er påstarta, og vert avslutta i 2015. Dei har også lova betre oppmerking for mijuke trafikkantar i krysset mellom RV-52 og FV-233 ved Moen Camping. Det er også gjennomført betre merking/sikring av GS-veg fra FV 233 (Torsetvegen) og opp til Fiskumvegen.


Politisk har det vore jobba aktivt for å synleggjere RV- 52 som prioritert fjellovergang mellom aust og vest. Det er uvisse knytta til korleis tyngre samferdselsmessige tiltak vil påverke køyremønsteret gjennom Hemsedal. Arbeidet med å utbetre Venås bru er godt i gang,- tiltak som følgjer vedteke plan.

Etter initiativ frå Lykkja Grunneigarlag har kommunen påverke Telenor slik at tilgang på **breiband** vert sikra for fastbuande i Lykkja. Telenor har jobba for å auke sambandskapasiteten til sine sentralar, mellom anna ved å forsterke fibertraseen fram til Hovstøl. Lokalt initiativ sikra at det no er lagt opp til 6 avtappingspunkt frå denne traseen. I samarbeid med regionrådet vart det fremja ein søknad til Post og teletilsynet om stønad til fiberetablering for i Lykkja. Søknaden vart ikkje prioritert i 2014.

**Miljø:**

«I Hemsedal vil me at miljøet skal takast vare på slik at landskapsbilete/landskapet og naturverdiane kan vidareførast til neste generasjon utan forringing.»


**Sti- og løypeplan** vart vedteke etter folkemøter og stort engasjement. Planen har gjort alle meir medveten på kva me har av stiger- og løyper, kven som har ansvar for desse, og ikkje minst fått avklart kva me ønskjer i åra som kjem. Planprosessen har synt kor viktig sti- og løyper er både for fastbuande og turistar. Planen vert eit viktig reiskap for samfunns- og næringsutvikling, og vil vere



er eit reiskap til fremje for folkehelse. Som turistbygd er særskilt tilgangen, men også ein bærekraftig bruk av naturen viktig. Kommunen har eit overordna forvaltningsansvar, og planen er retningsgjevande for korleis kommunen, grunneigarar og næringsliv skal forvalte desse ressursane. Planen synleggjer også mogeleg interessekonfliktar, og har forslag til korleis desse skal løysast. Bruken av stiger og løyper er også avhengig av god merking.

Gjennom samarbeid med Hemsedal Turisttrafikklag, Hemsedal Turlag og Hemsedal Skiforening er det løyst ut kr. 685.000,- i statlege tilskot til skilting og infotavler frå alle sentrumsnære områder med utgangspunkt for langsrenn, tur- og sykkelstiger.


Oppfølging av **Energi- og Klimaplanen** er krevjande – ein ser at mange av måla er ambisiøse. Likevel, Hemsedal har no rykka opp til 1. plass over tall miljøfyrtårnverksemder i høve innbyggjartalet i Noreg. I planen er også auka bruk av tre som råstoff prioritert. Trøym sentrum har mange fine miljøelement, spesielt i og langs vasstrekken. Det var difor naturleg å sjå nærmare på korleis ein kan auke tilgjengelegheta til elva og friluftslivet omkring, som motvekt mot den sterkt aukande trafikken på RV 52. Dette gav ideen til



«Trebruprosjektet». Ei bru kan i seg sjølv vere ei viktig estetisk oppleveling, og i Trøym sentrum har ein potensial for 8 elvekryssingar. Gjennom felles arbeidsmøter med arkitekt, bruingeniørar samt representantar frå næringslivet har ein med støtte frå Innovasjon Norge forsøkt å identifisere «Hemsedalsbrua». Parallelt har ein jobba vidare med ideen om

«Øy hopping» i sentrum, og resultatet no er ei 40-års avtale med grunneigarane som sikrar at «Bruøyne» kan sikrast som friluftsområder.

*Illustrasjon under, elveløpet mellom Skandinavisk på nordsida, Bruøyne, og dei 2 sideløpa i sør.*



I samarbeid med Hemsedal Energi er det satt fokus på **ladestasjonar for El-bil**, mellom anna på felles frokostmøte. Hemsedal Energi har søkt om tilskot frå Transnova til etablering av ladestasjon i sentrum, men fekk avslag grunna mangel på midlar. Kommunen har i samband med nyetablering av parkeringsplassar rundt kommunehuset etablert ein ladestasjon for kundar til legekontor, kultursal eller kommunehuset.


#### Næringsliv:

«I Hemsedal vil me dyrke eit nyskapande næringsliv.»

I samarbeid med næringsaktørar har kommunen arrangert ei rekke **møteplassar** for både næringsliv og hyttefolk. Ein tett dialog og samarbeid er avgjeraende for å sikre føresegelge rammer, i tillegg til infrastruktur som samfunnet etterspør for å sikre vidare utvikling.

Kommunen har vore delaktiv i ulike næringstiltak gjennom året. Det er vanskeleg å peike på enkeltsaker, men ein kan likevel nemne nye lokalar for Kiwi samt utviding av parkeringstilhøva omkring desse lokalitetane. Noregs nest største KIWI- butikk på Ulsåk fortel noko om kva for handelsgrunnlag det er i Hemsedal. I Trøym sentrum finn ein spennande nyetableringar som Sjokoladefabrikk og Helselab,-spennande innslag som kryddrar tilboda. Reiselivsutviklinga i Fjellandsbyen held fram, mellom anna nye lodge bygg, og restaurant i Tinden,- satsinga vitnar om ny optimisme og investeringslyst.

Arbeidet med **Strategisk næringsplan** har gjennom året vore to-delt. Det har vore lagt vekt på felles prosesser, mellom anna ein felles arbeidsdugnad med ulike næringsaktørar der ein har ønska å avklare dei 3 viktigaste satsingsområdane for næringslivet på kort og lang sikt. Samstundes har arbeidet vore konsentrert om å fastsette kva for kritisk masse av senger i næring, populært kalla varme senger, som må sikrast i kjerneområdet mellom Trøym sentrum – Fjellandsbyen - Røggjelia. I gjeldande planer ligg det i dag eit restpotensiale på 23 000 senger. Av



forslag til overordna utbyggingspolitikk for senger i næring vert lagt ut på høyring vinteren 2015.

Hemsedal kommune opprettheld arbeid med beredskap. **Overordna ROS-analyse** er ein gjennomgang og oversikt over alvorlege kriser og ulykker som kan ramme Hemsedalssamfunnet. Formålet med analysa er å gje ein grov oversikt over risiko og sårbarheit, eit lokalt risikobilete, som er eit grunnlag for plan- og beredskapsarbeid i kommunen. Analysa gjev fag- og sektorområda økt kunnskap og oversikt over risiko og sårbarheit. Arbeidet er starta opp, og vert avslutta i 2015.

## FOKUSOMRÅDE ØKONOMI

### Driftsresultat

	R 2011	R 2012	R 2013	B 2014	R 2014
Skatt på inntekt og formue	53 345	55 826	57 290	58 000	60 492
Eigedomsskatt	7 393	11 353	9 832	10 000	10 039
Rammetilskot	45 741	54 605	66 669	69 900	66 513
Øvrige driftsinntekter	61 857	59 643	68 227	53 713	75 135
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>168 336</b>	<b>181 427</b>	<b>202 018</b>	<b>191 613</b>	<b>212 179</b>
Løns-og sosiale kostnader	110 226	117 584	126 420	121 001	131 690
Varer og tenester til egen prod.	25 670	24 444	26 513	25 760	29 742
Varer og tenester til erst. egen prod.	21 062	23 963	29 767	31 762	32 872
Overføringer til andre	14 735	14 293	11 720	15 658	13 998
Avskrivninger	8 914	9 291	9 963	8 647	10 078
Fordelte utgifter	-212	-64	-90	0	-66
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>180 395</b>	<b>189 511</b>	<b>204 293</b>	<b>202 828</b>	<b>218 314</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-12 059</b>	<b>-8 084</b>	<b>-2 275</b>	<b>-11 215</b>	<b>-6 135</b>
netto renter, utbytte	-6 590	-8 105	-6 570	-5 480	-6 383
netto avdrag	6 652	6 263	5 287	5 307	6 550
utlån over drift.regnsk.	113	12	0	0	0
motpost avskrivninger	8 914	9 291	9 963	8 647	10 078
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-3 320</b>	<b>3 037</b>	<b>8 971</b>	<b>-2 395</b>	<b>3 776</b>

Driftsresultat i tabellen er rekna ut frå standard oppsett. Dette er i nokon grad misvisande i høve til privat rekneskapsføring. Mellom anna vil det vere ein del inntekter som ikkje er til fri disposisjon (øyremerka) og der mindreforbruk må avsetta til fond og omvendt; ein del kostnader som skal dekkast av fond. Interne finansieringstransaksjonar er ikkje ein del av tabellen.

### Netto driftsresultat

Resultatmål:	R 2011	R 2012	R 2013	B 2014	R 2014
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-1,97 %	1,67 %	4,44 %	-1,25 %	1,78 %

**Netto driftsresultat** er eit mål på kommunen si handlefridom, direkte og indirekte. Eit positivt netto driftsresultat syner i kva for grad drifta aleine greier å bidra til eit overskot.

Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 3 % av brutto driftsinntekter. For Hemsedal skulle resultatet vore ca. kr.6.4 mill. Hemsedal kommune har i 2014 eit netto driftsresultat på ca. 3,8 mill. kr.

**Driftsinntektene** har auka frå 2013 til 2014 med 10,1 mill. kr. Dette utgjer 5%. Målt mot budsjett kan det sjå ut som ein har hatt ein stor vekst i inntekter. Dog er refusjon sjukepengar ikkje budsjettert. Desse postane utgjer over 5,3 mill. kr. Vidare har me ca. 8,4 mill. meir i overføringer/ tilskot frå staten, 1,6 mill. meir i kommunale årsgebyr, 0,6 mill. meir i brukerbetalingar og 2,5 meir på skatt.

**Driftsutgiftene**

Driftsutgiftene syner ei auke på 6,9 % frå 2013 til 2014. I kroner utgjer dette 14 mill. kr. Av dette utgjer løn 5,3 mill. Overføringer gjekk ned med 1,1 mill. Varer og tenester som både inngår og erstattar tenesteproduksjon auka med til saman 2,7 mill.

Ansvar	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Ref.sjukep.	Reelt avvik	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Ref.sjukep.	Reelt avvik
	2 014	2 014	0	2 014	2 014	2 013	2 013	0	2 013	2 013
Rådmann	10 006 106	4 504 000	5 502 106	-33 922	<b>5 468 184</b>	8 548 279	4 391 000	4 157 279	-1 807	4 155 472
Personal	1 616 520	1 526 000	90 520	-32 422	<b>58 098</b>	1 460 809	1 529 000	-68 191	0	-68 191
Tenestetorg, m.m.	1 753 313	1 793 000	-39 687	-122 814	<b>-162 501</b>	1 654 875	1 745 000	-90 125	-37 445	-127 570
Økonomisjef	1 483 190	1 506 000	-22 810	-1 496	<b>-24 306</b>	1 339 596	1 791 000	-451 404	-21 190	-472 594
Skatt/ramme/andre	-1 146 273	0	-1 146 273		<b>-1 146 273</b>	-522 545	0	-522 545		-522 545
Kultur og oppvekstsjef	4 368 429	4 249 000	119 429	-473 329	<b>-353 900</b>	3 933 879	4 014 000	-80 121	-84 560	-164 681
Rektor Hemsedal barne- og ungdomsskole	17 721 026	16 047 000	1 674 026	-862 100	<b>811 926</b>	17 371 031	16 788 000	583 031	-717 359	-134 328
Rektor Tuv skole	5 988 502	5 604 687	383 815	-202 405	<b>181 410</b>	5 826 529	4 861 000	965 529	-501 063	464 466
Styrer Tuv barnehage	8 931 378	8 733 000	198 378	-673 828	<b>-475 450</b>	9 640 219	8 947 000	693 219	-482 546	210 673
Rektor Ulsåk skule	5 455 566	4 949 452	506 114	-126 127	<b>379 987</b>	4 955 173	4 446 000	509 173	-289 902	219 271
Styrer Ulsåk barnehage	9 258 980	8 246 000	1 012 980	-364 261	<b>648 719</b>	8 024 350	7 373 000	651 350	-430 128	221 222
Rektor kultur og musikkskole	1 289 985	1 288 000	1 985	-30 772	<b>-28 787</b>	1 257 487	1 241 000	16 487	-1 112	15 375
Leiar Helse	5 785 064	6 705 300	-920 236	-325 275	<b>-1 245 511</b>	6 658 266	6 595 000	63 266	-81 298	-18 032
Helsestasjon og jordmor	455 985	0	455 985	-64 628	<b>391 357</b>	0	0	0	0	0
Fysioterapi	287 267	0	287 267		<b>287 267</b>	0	0	0		0
Psykisk helse	540 816	0	540 816	-29 928	<b>510 888</b>	0	0	0	0	0
Legetj., kommuneoverlege og miljøretta helsevern	103 311	0	103 311		<b>103 311</b>	0	0	0		0
Leiar sosial	0	0	0	0	<b>0</b>	23 977	0	23 977	-9 839	14 138
Leiar PLO	3 546 683	3 800 800	-254 117	-21 124	<b>-275 241</b>	3 723 295	3 591 000	132 295	-92 967	39 328
Leiar Bygdeheimen	14 778 899	13 554 000	1 224 899	-419 354	<b>805 545</b>	14 716 624	13 001 000	1 715 624	-435 566	1 280 058
Leiar heimebaserte tenester	9 689 821	9 657 200	32 621	-590 559	<b>-557 938</b>	18 850 107	16 235 000	2 615 107	-769 075	1 846 032
Leiar omsorgsbustader	9 778 132	9 367 800	410 332	-541 479	<b>-131 147</b>	0	0	0	0	0
Koordinerande eining	297 810	0	297 810		<b>297 810</b>	0	0	0		0
Teknisk sjef	6 135 102	6 172 000	-36 898	-40 185	<b>-77 083</b>	5 721 174	5 979 000	-257 826	-42 904	-300 730
Leiar eigedom	7 357 973	7 349 000	8 973	-258 818	<b>-249 845</b>	7 250 301	7 189 000	61 301	-169 837	-108 536
Leiar teknisk drift	4 297 479	4 107 000	190 479	-100 963	<b>89 516</b>	4 038 424	4 180 000	-141 576	-52 820	-194 396
Leiar landbruk, næring og miljø	1 402 119	1 316 000	86 119		<b>86 119</b>	1 371 657	1 276 000	95 657		95 657
<b>TOTALT</b>	<b>131 183 183</b>	<b>120 475 239</b>	<b>10 707 944</b>	<b>-5 315 789</b>	<b>5 392 155</b>	<b>125 843 507</b>	<b>115 172 000</b>	<b>10 671 507</b>	<b>-4 221 418</b>	<b>6 450 089</b>
Reguleringspremie					<b>5 800 000</b>					<b>6 306 000</b>
Total avvik for kommunen i 2014						<b>-407 845</b>				<b>144 089</b>

Oversikt løn viser at kommunen har relativt god kontroll på lønskostnadane i 2014. Veksten i løn og sosiale kostnadene i 2014 var 5,3 mill. eller 4 %. Veksten i løn og sosiale kostnadene i 2013 var på 8,8 mill. eller 7,5 %. Veksten i løn og sosiale kostnadene i 2012 var på 7,3 mill. kr. eller 6,7 %. I 2011 auka dei same kostnadene 4 %, som utgjer kr. 4,3 mill.

Etat	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Ref.sjukep.	Reelt avvik	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Ref.sjukep.	Reelt avvik
	2014	2014	0	2014		2013	2013	0	2013	
Sentraladm	13 712 856	9 329 000	4 383 856	-190 654	4 193 202	12 481 013	9 456 000	3 025 013	-60 442	2 964 571
Kultur og oppvekst	53 013 867	49 117 139	3 896 728	-2 732 822	1 163 906	51 008 668	47 670 000	3 338 668	-2 506 670	831 998
Helse og omsorg	45 263 787	43 085 100	2 178 687	-1 992 347	186 340	43 972 268	39 422 000	4 550 268	-1 388 745	3 161 523
Teknisk	19 192 673	18 944 000	248 673	-399 966	-151 293	18 381 557	18 624 000	-242 443	-265 561	-508 004
<b>TOTALT</b>	<b>131 183 183</b>	<b>120 475 239</b>	<b>10 707 944</b>	<b>-5 315 789</b>	<b>5 392 155</b>	<b>125 843 506</b>	<b>115 172 000</b>	<b>10 671 506</b>	<b>-4 221 418</b>	<b>6 450 088</b>
reguleringspremie					5 800 000					6 306 000
<b>Totalt avvik 2014</b>					<b>-407 845</b>					<b>144 089</b>

Tabellen syner bruk av løn i dei ulike etatane i forhold til budsjett. Kostnadene med pensjonsutgiftene er budsjettet under sentraladministrasjon.

#### Lønskostnader i høve til sum driftsinntekter

(i % av sum driftsinntekter:)

Resultatmål:	R 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Løn og sosiale kostnader/driftsinntekter	62,1 %	62,6 %	64,8 %	65,3 %

Tabellen og tala syner i kva for grad driftsinntektene er knyta opp mot reine lønskostnader. Lønskostnadene er som oftast ein fast post som er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt og evt. som oftast har direkte med kommunal tenesteproduksjon å gjere. Ein reduksjon av lønskostnader vil normalt medføre at stillingar ikkje blir besett og at oppgåver ikkje blir gjort sidan kommunal tenesteproduksjon i stor grad handlar om menneskelege ressursar. Reduksjon i 2014 har vore på 0,5 % i høve til i fjar.

#### Skatt på inntekt og formue i høve til sum driftsinntekter

(i % av sum driftsinntekter:)

Resultatmål:	R 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Skatt på inntekt og formue/driftsinntekter	28,5 %	28,3 %	30,8 %	31,7 %

Skatteinntektene utgjer ein stor del av driftsinntektene men forholdstalet minkar. Det er bra, men slike tal kan sjølv sagt tolkast på fleire måtar; ein måte å sjå det på er at eigenfinansieringa aukar og at ein er mindre avhengig av andre inntekter – skatt bør på ein måte vere ein vesentleg inntektskjelde i eit offentleg budsjett. Sett utanfrå kan det sjå ut som at inntektene hjå våre innbyggjarar går ned (redusert aktivitet) og at næringslivet går mindre bra (redusert skattetrekk og redusert skatt frå verksemndene). Generelt sett kan ein seie at det er **bra** dersom skatteinntektene sin del av totale driftsinntekter aukar i ein kommune, men det seier ikkje heile sanninga.

Det er nemleg slik at det ikkje er at all auke i skatteinntektene som tilfell kommunen.

Skattesystemet er eit sinnrikt system med varierande fordelingstal mellom stat, fylke og kommune som gjer at ein ikkje utan vidare veit kor mykje kommunen vil sitte att med av

skatteinntekter når inntektsåret er over. Ein annan sak er at det også føregår andre korreksjonar som sørger for at ikkje all aktivitetsauke blir att i kommunen. Ei korreksjon som blir gjort frå staten er fortløpande justering av rammetilskotet – der meir skatteinntekter enn berekna når rammetilskotet vart tildelt, medfører redusert rammetilskot. Dog har reduserte/økte skatteinntekter blitt kompensert/justert ved høgre/lågare rammetilskot. jfr. neste punkt.

#### **Rammetilskot i høve til sum driftsinntekter**

(i % av sum driftsinntekter:)

Resultatmål:	R 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Rammetilskot/driftsinntekter	31,3 %	33,0 %	30,1 %	27,2 %

Skjønsmidlar barnehagar er no innlemma i rammetilskotet.

Som tabellen syner, så er det reduksjon i rammetilskotet i høve til totale driftsinntekter. Ein får her justert for økte skatteinntekter om ikkje krone for krone.

#### **Investeringsrekneskapen**

Investeringsrekneskapen syner at det er nytta like i underkant av 22,5 mill. kr. til investeringar i 2014. I tillegg kjem interne finansieringstransaksjonar som utlån, avsetning av tomtesalsinntekter og aksjar til fond (totalt ca kr.12,6.mill). Dette siste er meir å rekne som ein vurderingsendring frå tidlegare år der det blir føreslege å sette av salsinntekter frå tomter og eigedomar til fond som deretter er nytta til å finansiere investeringar. Dette for å ha klarare oversyn over kva ein har til reell disposisjon til finansiering slik at ein unngår ”mogelege” inntekter som finansiering av årets investeringar. I 2014 er dette gjort for sal av tomtar for ca. kr. 5,4 mill. Samla inntekter er ca. kr. 11 mill.

De største investeringar er miljøprioritert gjennomkjøring R52, Trøim Sør (Fiskum) og ny bru Torset. Investeringane og interne finansieringstransaksjonar (om lag kr.24 mill. kr. for 2014) er finansiert slik

Finansieringsbehov	24 090 932
Dekket slik:	
Bruk av lån	16 036 550
Salg av aksjer og andeler	0
Mottatte avdrag på utlån	892 705
Overført fra driftsregnskapet	254 914
Bruk av tidligere års udisponert	0
Bruk av disposisjonsfond	0
Bruk av bundne driftsfond	200 000
Bruk av ubundne investeringsfond	6 107 000
Bruk av bundne investeringsfond	0
Sum finansiering	23 491 169
Udekket/udisponert	-599 763

**BALANSEN – NOKRE VIKTIGE SAMANHENGER****Fondskapital**

Type fond	R 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Dispositionsfond	21 209 855	16 318 824	12 104 238	15 527 588
Bundne driftsfond	8 241 315	8 773 751	8 369 792	10 224 436
Ubundne investeringsfond	997 943	89 769	3 206 062	4 473
Bundne investeringsfond	5 281 676	3 340 434	2 671 464	2 300 000
<b>Sum</b>	<b>35 730 789</b>	<b>28 522 778</b>	<b>26 351 555</b>	<b>28 056 497</b>

Fondsmidlar er inndelt i 4 grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre sær preg:

Bundne driftsfond er øyremerka midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremål dei er meint å dekke ved overføringa til kommunen. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytt til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er motteke. Midlane er ikkje til fri disposisjon for kommunestyret.

Bundne investeringsfond er øyremerka til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane.

Ubundne investeringsfond kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane.

Dispositionsfond kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til.

Eit "problem" med fondskapitalen slik den er sett opp i tabellen er at den ikkje syner kva som er til disposisjon til nye tiltak. Dei aller fleste fonda er allereie nytt til spesielle tiltak eller spesielle investeringar. Det er eit mål å få klarare oversyn over kva som er reelt til fri disposisjon til nye tiltak. "Hovudproblemet" er likevel at det er altfor lite fondsmidlar – handlefridomen er for liten til å finansiere naudsynlege tiltak som dukkar opp under veis.

Dette kan ein også sjå i tabellen nedanfor – arbeidskapital ( i % av sum driftsinntekter)

Resultatmål:	R 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Arbeidskapital i kroner	38 130 258	41 187 412	38 553 226	21 045 681
Arbeidskapital/sum driftsinntekter	18,0 %	20,4 %	21,2 %	12,5 %

Arbeidskapitalen er forskjellen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og seier noko om i kva for grad vi greier å gjere opp for oss. Har vi ein negativ arbeidskapitel vil vi ikkje kunne greie oss utan å måtte bruke av "dyr" kassakreditt eller så klart be om betalingsutsetting. Det er ikkje bra at arbeidskapitalen er under 20 %.

**Likviditetsgrad 1**

Resultatmål:	R 2014	R 2013	R 2012	R 2011
Omløpsmidlar	77 891 009	75 725 830	74 206 183	50 831 806
Kortsiktig gjeld	39 760 750	34 538 418	35 652 957	29 786 126
<b>Likviditetsgrad 1:</b>	<b>1,96</b>	<b>2,19</b>	<b>2,08</b>	<b>1,71</b>

*Likviditetsgrad 1* er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommunen evner å betale dei kortsiktige forpliktingane – i kva for grad ein evner å gjere opp for seg. Talet bør vere høgare enn 2. I omløpsmidlar inngår også kortsiktige fordringar som ikkje utan vidare kan gjerast om til pengar for å betale kortsiktig gjeld.

**Likviditetsgrad 2**

<b>Resultatmål:</b>	<b>R 2014</b>	<b>R 2013</b>	<b>R 2012</b>	<b>R 2011</b>
Mest likvide omløpsmidlar (bankinnskot)	49 275 383	49 657 390	48 602 451	29 788 476
Kortsiktig gjeld	39 760 750	34 538 418	35 652 957	29 786 126
<b>Likviditetsgrad 2:</b>	<b>1,24</b>	<b>1,44</b>	<b>1,36</b>	<b>1,00</b>

*Likviditetsgrad 2 er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommunen evner å betale dei kortsiktige forpliktingane [her og no](#). I omløpsmiddel inngår stort sett berre bankinnskot. I det private er dette ofte nytta som måltal og ein seier at **dette talet bør vere høgare enn 1.***

**Gjeld – i kroner (eks. pensjonsforplikting)**

<b>Resultatmål:</b>	<b>R 2014</b>	<b>R 2013</b>	<b>R 2012</b>	<b>R 2011</b>
Lånegjeld	152 643 922	152 460 318	140 976 861	110 428 516

**Gjeld – i % av brutto driftsinntekter (eks. pensjonsforplikting)**

<b>Resultatmål:</b>	<b>R 2014</b>	<b>R 2013</b>	<b>R 2012</b>	<b>R 2011</b>
Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	71,9 %	75,5 %	77,7 %	65,6 %

**Gjeld – i kroner pr. innbyggjar (eks. pensjonsforplikting)**

<b>Resultatmål:</b>	<b>R 2014</b>	<b>R 2013</b>	<b>R 2012</b>	<b>R 2011</b>
Lånegjeld pr. innbyggjar(2.344 i 2014)	65 121	66 432	63 275	51 602

**Kommentarar:**

Ein har i oversynet teke berre omsyn til langsiktig gjeld til låneinstitusjonar. Det er ikkje uvanleg å ta med også pensjonsforplikting i oversynet over langsiktig gjeld.

Direkte samanliknbare tal for kommunane i Hallingdal er ikkje lett å finne. Nokre har lita lånegjeld, andre har organisert eigedomane annleis i eksterne aksjeselskap, medan andre har høgare lånegjeld. Det seier seg sjølv at høg lånegjeld er ei belastning og ein risiko for kommuneøkonomien. Slik situasjonen har vore dei siste to åra har kapitalkostnadene likevel vore til å leve med. Men ein er utsatt for renterisiko og den langsiktige lånegjelda redusera handlefridomen til kommunen. Ein stor del av lånegjelta er i stor grad sjølvfinansierande, då det gjeld investeringar knytta opp mot VA. Difor vert ein stor del av avdrag og renter finansiert ved dette og kommunen er ikkje så sårbar som andre kommunar som har gjort investeringar som til dømes kulturbygg osv.

**Fordringar**

<b>Resultatmål:</b>	<b>R 2014</b>	<b>R 2013</b>	<b>R 2012</b>	<b>R 2011</b>
Kortsiktige fordringar	16 868 797	15 332 534	15 420 646	15 475 258

Kommunen har hatt fokus på fordringsmassen i fleire år og har god kontroll på denne.

## FOKUSOMRÅDE FOLKEHELSE

Folkehelsearbeid er kommunen sin innsats for å oppretthalde, betre og fremje befolkninga si helse gjennom å svekke dei faktorar som medfører helserisiko, og styrke dei faktorar som bidreg til betre helse. Det er viktig å jobbe med ei felles forståing av eit breitt førebyggjande arbeid i kommunen

*«Helse blir skapt der folk bur – i barnehagen, på skulen, i arbeidslivet, i familien og i nærmiljøet.»*

*Lokalsamfunnet er derfor den viktigaste arena for folkehelsearbeidet»*

Hemsedal kommune har utarbeidd ein planstrategi der folkehelse har eit overordna perspektiv. God tilrettelegging for å kunne gjere sunne val, god trafikktryggleik, gode sosiale møteplassar og gode høve for leik og friluftsaktivitetar må det vere fokus på heile tida

For å koordinere tverrfagleg og tverrretatleg samarbeid innan folkehelse har kommunen etablert ei ressursgruppe innan folkehelse. Eit av medlemmene er utpeika som folkehelsekoordinator og møter som kommunen sin representant i interkommunale fora.

Gjennom lokal kunnskap, samanstilling av informasjon og data skal kommunen identifisere, samt vurdere konsekvensar og årsaksforhold på kommunen sine folkehelseutfordringar. Det er spesielt viktig å vere merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde dei sosiale eller helsemessige problem/ forskjellar. Psykiske vanskar er sett på som folkehelseutfordring i Norge generelt, og ein ser auka tal unge med psykiske vanskar. Vidare er inaktivitet, usunt kosthald og tobakk generelle utfordring

Kommunen skal ha ein oversikt over helsetilstanden. Ein av oversiktane som blir utarbeidd frå sentralt hald er folkehelseprofilen. Den viser at Hemsedal har få eintydige folkehelseutfordringar. Det vil vere utfordringar for enkeltindivid og mindre grupper i befolkinga. Hemsedal jobbar med å lage eit godt oversiktssdokument ut frå ein felles mal i Hallingdal. I 2014 vart det gjennomført Unndataundersøking i lag med dei andre Hallingdalskommunene. Undersøkinga viser at Hemsedal har dei same utfordingane på dette området som resten av Hallingdalskommunane og landet for øvrig. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe vidare med å finne strategier og forslag korleis Hemsedal skal jobbe førebyggjande for barn og unge.

## FOLKEHELSEPROFIL 2014

# Hemsedal



Folkehelseprofilen er et bidrag til kommunens arbeid med å skaffe seg oversikt over helsestilstanden i befolkningen og faktorer som påvirker denne, jamfør Lov om folkehelseearbeid.

Statistikkene er fra sistet tilgjengelige periode per oktober 2013.

Utgitt av  
Folkehelseinstituttet  
Avdeling for helsestatistikks  
Postboks 4404 Nydalen  
0403 Oslo  
E-post: kommunehelse@fhi.no

Redaksjon:  
Cecilia Støtenberg (ansv. redaktør)  
Else-Karin Grønli (begredssiter)  
I redaksjonen: Fagredaksjon for folkehelseprofiler  
Helse- og National Health Observatory, Storbritannia  
Foto: Colourbox  
Bokmål  
Serie 150114-1402, ISSN 1402-1701/14/09-1701/0014  
1520

Elektronisk distribusjon:  
[www.fhi.no/folkehelseprofiler](http://www.fhi.no/folkehelseprofiler)



## Noen trekk ved kommunens folkehelse

Temaområdene er valgt med tanke på mulighetene for helsefremmende og forebyggende arbeid. Indikatorene tar høyde for kommunens alders- og kjønnssammensetning, men all statistikk må også tolkes i lys av kunnskap om lokale forhold.

### Om befolkningen

- Andelen eldre over 80 år i 2020 er estimert til å være på nivå med landet som helhet.
- Andelen som bor allein er ikke entydig forskjellig fra landsnivået.

### Levekår

- Andelen med videregående eller høyere utdanning er ikke entydig forskjellig fra landsnivået.
- Kommunen er ikke entydig forskjellig fra landet som helhet når det gjelder andelen barn (0-17 år) som bor i husholdninger med lav inntekt. Lav inntekt defineres her som under 60 % av nasjonal medianinntekten.
- Andelen barn med enlig foreldre er lavere enn i landet som helhet.

### Miljø

- Datagrunnlaget på temaområdet miljø er begrenset. Les mer om miljø og helse på midtsiden.
- Andelen med skader er lavere enn i landet som helhet, vurderet etter sykhusinntegningar.

### Skole

- Andelen 10.-klassinger som trives på skolen er ikke entydig forskjellig fra andelen i landet som helhet. Kommunen viser stor variasjon mellom skoler.
- Det er ubristklig tallgrunnlag for å vise statistikk på andelen 5.-klassinger som er på laveste mestringsnivå i lesing.
- Frafallset i videregående skole er lavere enn i landet som helhet.

### Leheværen

- Det finnes lite statistikk på leheværen. Indikatorer på temaområdet helse og sykdom kan gi informasjon om befolkningens leheværen.
- Utdelelsen av overvekt er ikke entydig forskjellig fra landsnivået, vurderet etter andelen menn med BMI > 25 kg/m<sup>2</sup> på sesjon.

### Helse og sykdom

- Forventet levealder for menn er ikke entydig forskjellig fra landsnivået.
- Andelen med psykiske symptomer og lidelser er lavere enn i landet som helhet, vurderet etter data fra fastlege og legevakt.
- Utdelelsen av hjerte- og karsykdommer er ikke entydig forskjellig fra landsnivået, vurderet etter sykhusinntegningar.
- Sykdommer og plager knyttet til muskel- og skjelettsystemet ser ut til å være mer utbredt enn i landet som helhet, vurderet etter data fra fastlege og legevakt.
- Tykk- og endotarmarkrell ser ikke ut til å være entydig forskjellig fra landsnivået, vurderet etter antall nye tilfeller.



Alle einingar i Hemsedal kommune utøver på ulike måtar eit helsefremjande, førebyggjande folkehelsearbeid. Det er fokus på tverrfagleg samhandling ikkje minst innan førebyggjande arbeid og tidleg innsats for barn og unge sin fysiske/ psykiske helse. Viktige satsingsområder og prosjekt er mellom anna Felles Løft, Ny giv, kjærleik og grenser, Barn i rusfamiliar, LEK, FUA- Fysisk aktivitet for inaktive unge. Diabetesprosjektet er eit av fleire tiltak som er sett i gong av prosjekt Hallingdal lokalmedisinske tenester. Friskliv og fysioterapi har mange tilbod om gruppetrening både i høve for å hindre muskel og skjellettlidinger og førebyggjande trening. Trening for gruppe over 65 og seniordans er blitt eit populært tiltak

I Hemsedal er det mange lag og organisasjoner som utfører eit viktig folkehelsearbeid. I Hemsedal er nesten halvparten av innbyggjarane medlemmer i idrettslaget. Det er eit aktivt kulturliv og mange uformelle og formelle sosiale møtearenaer. Det er viktig at kommunen i lag med dei frivillige legg til rette for at grupper som kan falle utanom også kan ta del i gode sosiale aktivitetstilbod.

Tilrettelegging for å gjere sunne val enkle, trygg skule-/ arbeidsveg, tilgang til sosiale møteplassar er blant ting ein må jobbe med heile tida, og som skal gjennomsyrast i alt planarbeid.

I Hemsedal er det flotte naturområdar og mange gode tilbod innan fritidsaktivitetar. Det er

## FOKUSOMRÅDE BARN OG UNGE

Barn og unge sin oppvekst er først og fremst familien sitt ansvar, men nærmiljøet, kommunen, frivillige lag og organisasjonar har eit viktig medansvar.

Det kommunale ansvaret for å gje barn og unge ein god oppvekst er fordelt på dei fleste etatar og einingar. Barnehage, skule, helsestasjon, helsetenesta og kultur- og fritidstilbod er tenester som retter seg mot alle barn og unge. Det å skape trygge leike- og frilufsarenaer som skapar mangfald i aktivitetar og som kan samle barn, unge og vaksne i gode sosiale miljø er viktig i all arealplanlegging.



Det er eit mål at det raskt blir sett i verk tiltak når det blir avdekt eit behov for koordinerte tenester. Kommunen arbeider tverrsektorelt i ulike samanhengar som til dømes med Individuell plan (IP), ansvarsgrupper og i tverrfaglege møter i skular og barnehagar. Koordineringsgruppa for barn og unge skal utarbeide felles mål og tiltak for barn og unge, spesielt på det førebyggjande området.

Kommunal plan for overgang barnehage – skule er iverksett. Den skal sikre at alle barn i Hemsedal kommune får ein god og trygg overgang mellom barnehage til skule og tryggje føresette i at deira barn får utvikle seg vidare i samsvar med barnet sine føresetnader. Det er etablert samarbeid mellom NAV, PPT og OT, oppvekst og helse og omsorg som tek vare på elvar som har behov for støtte i overgang til vidaregåande skule og overgang til yrkesliv.

I regi av prosjekt Hallingdal lokalmedisinske tenester og vidaregåande skular er det sett i gang eit prosjekt- Ungdomslos, der miljøarbeidarar er tilstades ved dei vidaregåande skular. Vi ser og at det er ein føremon at skulehelseteneste, psykisk helseteneste, fritidsleiar og miljøarbeidarar/sosiallærar er tilstades i skuletida og fritid.

Ungdata vart gjennomført i 2014. Ung data saman med andfre undersøkingar viser at barn og unge på ulike områder har utfordringar og opplever at oppveksten ikkje er god. Kommunen har sett ned ei gruppe som skal vurdere tiltak innanfor prioriterte områder.

Barn og unges samfunnslaboratoriet gjennomførte ei samfunnsforsking saman med elevar på 7. trinn. Svara på denne undersøkinga var i tråd med resultat i Ung data.

Alle barn og unge skal oppleve ein god oppvekst, ha høve til meiningsfylte aktivitetar og likeverdige moglegheiter til å oppleve meistring. Ikkje alle unge finn seg til rette innanfor

organiserte aktivitetar. Ungdomsklubben er ein viktig sosial møtearena for fleire.

Alle barn og unge skal ha utbytte av skulegangen både sosialt og fagleg. Prosjekta Ny Giv, Relasjonsskulen og Vurdering for læring har som mål å møte eleven relasjonelt og fagleg. Manifest mot mobbing vart underskrive i 2014. Det er stort fokus på dette i barnehage og skule.

Alle tenesteområda har fokus på førebygging og tidleg innsats. Det blir jobba med tverrsektoriell samhandling og det er fokus på å ha tilsette med nødvendig kompetanse slik at kommunen kan gje gode tenester.

Kjærlighet og grenser er innført for føresette med elevar på 8. trinn. SLT og politi har opplegg med 9. klasse kvart år. Fysisk aktivitet på 1.-4. trinn er innført frå hausten 2014.

## FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDARAR

Hemsedal kommune ynskjer å gje medarbeidarane ei meiningsfull, utviklande og inspirerande kvardag. Kommunen har eit godt arbeidsmiljø med engasjerte og positive medarbeidarar.

I ein liten kommune må mange arbeide med fleire fagfelt enn medarbeidarar i større kommunar. Sårbarheita er større ved avvikling av ferie eller anna fråvær frå jobben. Arbeidsmengdene og tidspresset er tidvis stort.

Hemsedal kommune må arbeide meir med desse utfordringane. Hemsedal kommune er ein dynamisk og moderne kompetanearbeidspllass. Kommunen sine tilsette er den viktigaste ressursen vi har for å kunne gje våre innbyggjarar eit fullverdig tenestetilbod.

I Hemsedal kommune arbeider 217 kvinner og 50 menn. Desse 267 medarbeidarane utgjer 205 årsverk. Dette er ei nedgang på 5 årsverk i høve til 2013.

### Lønsutviklinga for fast- og timelønte hovud- og bistillingar pr. 1.12.2013 til 1.12.2014.

Kjønn	Måneds-for-tjeneste 2014	Grunn-lønn 2014	Endring i måneds-for-tjenste 2013-2014	Endring i grunn-lønn 2013-2014	Ansatte 2014	Årsverk 2014	Endring i årsverk 2013-2014
Kvinner og menn	37.325	35.400	5,2%	5,9%	267	205	-1,4%
Kvinner	36.981	35.083	5,3%	6,2%	217	166	-1,5%
Menn	38.777	36.741	4,7%	4,9%	50	39	-1,0%

Hemsedal kommune fylgjer gjeldane lovar, forskrifter og tariffavtalar som kan bety noko for likebehandling mellom kjønna. I rådmannens leiargruppe er det like mange kvinner som menn.

**Lønsforhold justert for ulike faktorar. Fastlønte hovudstillingar i Hemsedal kommune.**

**Gjennomsnittleg forteneoste pr. månadsverk og gjennomsnittleg grunnløn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menns løn**


Justert for	Årstall					
	2012		2013		2014	
	Kvinners månedsfotjen- este i % av menns	Kvinners grunn- lønn i % av menns	Kvinners månedsfotjen- este i % av menns	Kvinners grunn- lønn i % av menns	Kvinners månedsfotjen- este i % av menns	Kvinners grunn- lønn i % av menns
Ujustert	92,1	92,1	94,9	94,4	95,4	95,5
Alder	92,8	92,5	95,4	94,7	95,1	94,8
Ansattgruppe	95,6	97,3	95,3	97,3	97,9	99,9
Stillingskode	98,7	99,2	98,8	99,6	100,6	101,6
Utdanning	91,4	92,1	92,9	92,3	95,4	95,7

**ANSATTE FORDELT PÅ ÅRSVERK PR. ANSATT\*) OG KJØNN HEMSEDAL KOMMUNE.  
TALL PR. 1. DESEMBER I DET ENKELTE ÅR.**


		2013		Årstall 2013		2014	
Årsverk pr. ansatt	Kjønn	Antall ansatt	Prosent	Antall ansatt	Prosent	Antall ansatt	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	29	10,7	10	3,7	13	4,9
	Kvinner	26	11,7	8	3,6	10	4,6
	Menn	3	6,3	2	4,3	3	6,0
25 - 49,9%	Kvinner og menn	25	9,2	21	7,8	20	7,5
	Kvinner	22	9,9	17	7,7	14	6,5
	Menn	3	6,3	4	8,5	6	12,0
50 - 74,9%	Kvinner og menn	56	20,7	69	25,7	68	25,5
	Kvinner	51	22,9	65	29,3	59	27,2
	Menn	5	10,4	4	8,5	9	18,0
75 - 99,9%	Kvinner og menn	61	22,5	79	29,4	71	26,6
	Kvinner	58	26	70	31,5	64	29,5
	Menn	3	6,3	9	19,1	7	14,0
100 %	Kvinner og menn	100	36,9	90	33,5	95	35,6
	Kvinner	66	29,6	62	27,9	70	32,3
	Menn	34	70,8	28	59,6	25	50,0

I Hemsedal kommune er det ein klar overvekt av kvinner i deltidstillingar. Andelen kvinner som jobbar 100 % er gått opp frå 33,5 % i 2013 til 35,6 % i 2014. Kommunen har fokus på uønskt deltid.

Hemsedal kommune har hatt eit lågt sjukefråvær i mange år. Tabellen under viser gjennomsnittleg legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær dei siste fem åra.



Tabellen under viser eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær for kvar månad dei fire siste åra.



Det totale sjukefråværet gjekk opp frå 6,46 % til 7,06 i 2014. I forhold til kommunesektoren har Hemsedal kommune framleis eit lågt sjukefråvær. Kommunen arbeider systematisk med mål om redusert sjukefråvær.

Hemsedal kommune har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv (IA-avtala). Avtalen inneholder tre nasjonale mål. Delmål ein er redusert sjukefråvær. Delmål to er fleire personar med nedsett funksjonsevne ut i arbeidslivet og delmål tre er å få fleire til å stå lengre i arbeidslivet. Kommunen arbeider saman med IA-senteret (NAV) om å nå desse måla.

Kommunen har hatt seniortiltak for tilsette mellom 62 og 67 år. Tiltaka er bonusordning eller meir fritid.

Hemsedal kommune er medlem av HAVA BHT (Hallingdal og Valdres bedriftshelse) der kommunen kjøper eit visst tal timer for gjennomføring av aktivitetar i Hemsedal.

Kommunen arbeider aktivt og systematisk med HMS (helse, miljø og sikkerheit). Arbeidsmiljøutvalet har fleire møter i året der dei går gjennom avviksrapportar. Det blir også laga ein plan for kva oppgåver som skal prioriterast.

Kommunen er opptekne av at alle skal kjenne tryggleik og arbeidsglede på arbeidsplassen. Arbeidet til hovudverneombodet saman med verneomboda har vore viktig for kommunen.

Kommunen har også hatt eit godt samarbeid med alle tillitsvalde.

Kommunestyret har vedteke etiske retningslinjer for å sikre ein høg etisk standard i kommunen. Det blir jamleg drøfta etiske problemstillingar både på verksemdsnivå og på etatsnivå for å sikre at kommunen har stor tillit i befolkninga.

Dei viktigaste internkontrollsystema for kommunen er HMS – hovudbok med digitalt avvikssystem. Vidare har kommunen Visma økonomisystem med dobbelkontroll før utbetalingar kan skje. Kommunen har innført elektronisk fråværsregistrering. Før utbetaling av lønn har kommunen innført dobbelkontroll for å minimere risikoen for feilutbetalingar.

Kommunen har fullelektronisk sak og arkivsystem med internkontroll for å redusere risikoen for feil.

Kommunen likebehandlar alle uansett rase, religion eller etnisitet. Hemsedal er ei kommune med stort mangfold og alle skal i handsamas på same måten enten det er jobbsøknad eller forvaltningsvedtak.

## TENESTEOMRÅDE KULTUR OG OPPVEKST

Etaten har fleire verksemder innanfor områda kultur og oppvekst.

*Kulturområdet* femner om musikk- og kulturskule, folke- og skulebibliotek, unge og fritid, lag og organisasjonar og generelle kulturaktivitetar.

*Oppvekstområdet* består av verksemde barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og voksenopplæringa.

### Oppvekst

*«Hemsedal kommune vil ha eit trygt oppvekstmiljø, der kvar enkelt kan utvikle seg til eit sjølvstendig menneske, og rustast til å møte livets oppgåver og meistre utfordringar saman med andre»*

Det handlar om eit livsperspektiv!

#### Sentrale utfordringar innan oppvekst

- Arealbehov for Tuv skule og Ulsåk barnehage må prioriterast fort. Nye avdelingar på Ulsåk må vere klare innan hausten 2016.
- Behov for utvida kontorplassar og grupperom på dei fleste skulene og barnehagane.
- Opprusting av uteområdet for begge barnehagane.
- Ta hand om auka spesialundervisning i barnehagen/grunnskulen innanfor budsjetttrammene.
- Redusere tal på elevar innafor nivå 1 på nasjonale prøver i engelsk.
- Behalde kvalifiserte pedagogar i barnehagen.
- Gjere om alle pedagogstillingane i barnehagane til pedagogiske leiarar.
- Få fleire menn i barnehagen.
- Pedagogar i ungdomsskulen med godkjent kompetanse i forhold til sentrale krav innanfor basisfaga.
- Vidareutvikle intranettet som sikrar at kommunen fylgjer pålegg i lov og forskrift
- Har som målsetting å ha tilstrekkeleg kvalifisert personale i barnehagane.

#### Sentrale utfordringar innan kultur


- Vidareutvikle Hemsedal folkebibliotek som ein sentral arena for kunnskap- og kulturformidling for barn, ungdom og vaksne i eit livslangt perspektiv.
- Utvikle skulebiblioteket slik at det vert ein læringsarena i alle fag og på tvers av fag, og ein arena for å formidle litteratur og digitale læringsressursar.
- Ta vare på historia, både den gamle og nye, for komande generasjonar.
- Finne gode løysingar slik at lag og organisasjonar har lokalitetar til sine aktivitetar

## Barnehage

### Barn i barnehage

Barnehagane i Hemsedal er samlokalisert med småkulane i oppvekstsenter. I 2014 vart avdelingane på Skadvin (inkludert modulen) lagt ned, og Ulsåk vart utvida frå fire til fem avdelingar, ved å etablere ei ny avdeling i underetasjen på Ulsåk skule. To av desse avdelingane er utvida. Det vil seie at barnehagen har utvida avdelinga frå 9 til 12 plassar for barn under 3 år med ein pedagog i tillegg.

På Tuv er det tre avdelingar, der to er utvida. I tabellen under ser vi totalt tal på barn i aldersgruppa 0-5 år i dei seks Hallingdalskommunane. Hemsedal er den kommunen i Hallingdal som har hatt merkbar vekst i denne aldersgruppa sjølv om vi ser ein liten nedgang frå 2013. Barnehagen i Hemsedal oppnådde full barnehagedekning etter departementet sin definisjon. Dei som fylte eitt år før 1. september og søkte barnehageplass ved hovudopptaket, fekk barnehageplass. I tillegg har barn som er fødd etter 1. september fått tilbud om plass.




### Tal på barn etter alder i barnehagen i 2013 og 2014.

I første tabell er barna under tre år og kvart barn teller to plassar.


	Gol kommune (2014)	Gol kommune (2013)	Hemsedal kommune (2014)	Hemsedal kommune (2013)	Nes kommune (2014)	Nes kommune (2013)
Tal på barn 1 år	31	26	15	17	16	15
Tal på barn 2 år	40	36	21	30	22	34
Tal på barn 3 år	40	52	35	35	33	26
SUM	111	114	71	82	71	75

	Gol (2014)	Gol (2013)	Hemsedal (2014)	Hemsedal (2013)	Nes kommune (2014)	Nes kommune (2013)
Tal på barn 1 år	31	26	15	17	16	15
Tal på barn 2 år	40	36	21	30	22	34
Tal på barn 3 år	40	52	35	35	33	26
Tal på barn 4 år	54	46	39	23	29	21
Tal på barn 5 og 6 år	49	48	24	27	21	37
SUM	214	208	134	132	121	133

### Tilsette med barnehageutdanning




Diagrammet over syner at Hemsedal har nesten full dekning av godkjente pedagogiske leiarar og barnehagelærarar i 2014. Frå 2013 til 2014 har vi gått frå ein andel på 60 til ein andel på 87% i 2014. Det er ei svært positiv utvikling for barnehagane i Hemsedal. Det å ha godkjente



pedagogiske leiarar, er ei utfordring på landsplan. For barnehageåret 2015-2016 ser det ut til at Hemsedal fortsatt vil ha kvalifiserte tilsette i pedagogiske stillingar.


### Driftsutgifter

	Hemsedal	Hemsedal	Hemsedal	Nes	Ål	Kostragruppe 02	?
	2012	+ x	2013	+ x	2014	+ x	2014
<b>Prioritering</b>							
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern Enhet : Prosent	[f i d s]		12,9	13,0	12,4	15,4	10,8
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger, konsern Enhet : Krone	[f i d s]		7 943	8 094	8 406	7 191	6 735
- herav avskrivninger (i prosent), konsern Enhet : Prosent	[i d s]		5,0	4,7	4,4	0,2	4,5
MVA-kompensasjon drift, barnehager per innbygger (kroner), konsern Enhet : Krone	[i d s]		135	177	151	16	102
MVA-kompensasjon investering, barnehager per innbygger (kroner), konsern Enhet : Krone	[i d s]		9	-	-	-	25
Brutto investeringsutgifter til barnehagesektoren per innbygger, konsern Enhet : Krone	[i d s]		43	-	-	35	373
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern Enhet : Krone	[i d s]		113 974	123 013	134 034	126 194	133 462
							129 355



I tabellane over, siste linje, ser vi utviklinga i netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år. I dette talet ligg også avskrivingar som for Hemsedal utgjorde 4,4% i 2014. Vi har bygd tre avdelingar dei seinaste åra noko som gjer at driftsutgiftene per barn vert forholdsvis høgt.

Det er ikkje lagt inn korrigering for alder i dette KOSTRA-talet. Hemsedal har mange barn under tre år (jf. høgt fødselstal i 2010 og 2011) noko som også gjer at driftsutgiftene vert høgare per barn.



Søylediagrammet under syner andelen barn i barnehagen som får ekstra ressursar til styrka tilbod. Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelpe jf. Opplæringslova §5-7. Talet har ligge stabilt frå 2008-2014.

## Grunnskule

Det er to småskular frå 1. til 4. klasse. Skulane ligg på Ulsåk og Tuv og er ein del av eit oppvekstsenter saman med barnehagen i Hemsedal. Elevtalet for småkulane er 118 fordelt med

58 elevar på Tuv skule og 60 elevar på Ulsåk skule. Mellomtrinnet og ungdomstrinnet (5. -10.) går på Hemsedal barne- og ungdomsskule og er lokalisert på Trøym. Elevtalet på Hemsedal barne- og ungdomsskule er 185 fordelt med 85 elevar på 5.-7. trinn og 86 elevar på 8.-10. trinn. Totalt er det 271 elevar ved grunnskulen i Hemsedal i skuleåret 2014 – 2015 ved GSI-registreringa.

Nytt dette skuleåret var 5-dagars skuleveke for småskulen etter vedtak i kommunestyret våren 2014. Oppvekstsentrals oppgave var i mars 2014 på besøk i Sogndal med tema fysisk aktivitet i skulen. Det resulterte i at alle elevar i 1.-4 klasse fekk fysisk aktivitet 0,5 timer, 4 dagar i veka. Denne aktiviteten er lærarstyrt og har forankring i basisfaga. Timefordelinga på 1.-10. trinn vart også endra fram til skuleåret 2014/2015.


I løpet av året har både lærarar, fagarbeidrarar og leiarar vore engasjert i skulestruktursaka på ulike nivå.

Elevundersøkinga, nasjonale prøver, delen av elevar med spesialundervisning, fullføring av grunnskuleopplæringa og vidaregåande opplæring og drop-out frå vidaregåande opplæring gir oss interessante indikatorar på grunnskulen sin tenesteproduksjon. Sektoren kan vise til noko varierande resultat.


Pedagogisk utviklingsarbeid er viktig å evaluere. Skulen sin tidsressurs blir brukt mellom anna til utviklingsarbeid og dette arbeidet skal vera i samsvar med utfordringar sektoren har.

### **Elevundersøkinga**


Tabellane nedanfor tar for seg sentrale spørsmål i elevundersøkinga; mobbing, sosial trivsel og fysisk læringsmiljø. I 2012 hadde skulen tal som ein ikkje kunne vere fult ut fornøygd med innanfor tema mobbing. Derimot var tal for generell trivsel svært bra. Tabellen tek for seg mobbing direkte. Tala er stabile samanlikna med tidligare år, både når det gjeld omfang og utvikling over tid. Det er eit administrativt og politisk mål at vi skal sjå resultat av langsiktig arbeid. Ved å ha større fokus på relasjonsskulen sin teori med gjennomføring samt å få ein sosiallærar, trur vi at vi vil sjå resultat. Manifest mot mobbing vart signert i 2014.




Når ein spør elevane om den generelle trivselen scorar skulen opp mot nasjonalt resultat. Når det gjeld trivsel og mobbing skal ein likevel ikkje gløyme dei enkeltelevane som svarer at dei blir mobba eller ikkje trives. Vi meiner at vi til ein viss grad har oversikt over dei elevane som svarer dette i undersøkinga.



Den nye elevundersøking samanfattar resultata i indeksar. Tabellen nedanfor syner dei ulike områda undersøkinga tek for seg samanlikna med nasjonale resultat. Tabellen syner at elevane opplever god støtte frå lærarane, god læringsskultur, godt fysisk læringsmiljø og at elevane meiner dei har god arbeidsinnsats. Skulane bør ha eit auka fokus på trivsel, motivasjon og variert undervisning.



### Nasjonal prøve for 5. trinn – engelsk, lesing og rekning




Resultata frå nasjonale prøver på 5. trinn er fordelt på tre meistringsnivå der nivå tre er høgaste nivå. Det er eit mål for kommunen at flest mogeleg skal vera på nivå 2 og 3.

Ut frå resultata ser vi at det er for mange på meistringsnivå 1 i samanlikna med andre. Dette er eit resultat ein ikkje kan vere nøgd med.


Små variasjonar kan gi store utslag når vi les statistiske resultat for grupper med få elevar. Resultata bør lesast med varsemd. Verksemldene ser på andre måleresultat i tillegg når tiltak vert sett i verk.

Vi ligg under landsgjennomsnittet i nasjonale prøver på 5. trinn i basisferdigheitene lesing og



skriving. Dette er resultat vi må sjå nærmare på og sette inn nødvendige tiltak der det trengs. Det er behov for større fokus på engelsk på 1.-4. trinn. Grunnleggjande dugleik i basisfag er avgjerande for prestasjonar i alle fag.

Grunnskulen nyttar tilbodet direktoratet gir no med vidareutdanning med vikarkompensasjon for faga matematikk og naturfag. Andre fag direktoratet prioritærer er norsk og engelsk, men kommunen må då finansiere 15% av vikarkostnaden.



Skuleåret 2014/2015 har ein lærar gjennomført 30 STP vidareutdanning i matematikk og ein lærar har fått vidareutdanning i naturfag.



To lærarar har fått stipend gjennom vidareutdanningsprogrammet i 2014.

2015/2016 søker vi om studieplass for fire lærarar til vidareutdanning i matematikk og vonar å få innvilga dette.

Det er svært positivt at mange lærarar kan få vidareutdanning, men det er ei utfordring for verksemda som også driv skuleutvikling. Det er viktig at dei som utdannar seg også får utbytte av skuleutviklingsarbeidet. Det krev god planlegging og organisering av rektor samt fleksibilitet i lærarkollegiet.

### **Spesialundervisning**

Når vi ser i tabellen under, som omhandlar kor mange elevar vi har med vedtak, ser vi at Hemsedal ligg lågare enn mange kommunar. Vi har mange tiltak vi kan gjennomføre innanfor tilpassa opplæring på grunn av at det er færre elevar i klassen. Tilpassa opplæring skal ha same kvalitet i innhald som spesialundervisning samt at eleven får dei nødvendige kartleggingar og vurderingar av PPT før opplegget vert sett i verk. Blir undervisningsgruppene for store vil spesialundervisningsbehovet automatisk presse seg fram. Målet er heile tida at færre skal meldast opp til PPT. Det vil gi mindre byråkrati for alle partar med papirarbeid, møter m.m. Vi ynskjer heller at PPT skal bruke meir av tida si inn i systemretta arbeid.




Det som skil Hemsedal frå mange andre kommunar, at vi har høgare del av barn som treng omfattande tiltak. Delen av timer til spesialundervisning av delen lærartimer totalt ligg høgt.

Dei to tabellane over viser kor mange elevar vi har per undervisningsrelatert årsverk. Deretter andelen timer som går til spesialundervisning i % av talet på lærartimer totalt. Desse tala må sjåast i samanheng.

### Fullføring av grunnskuleopplæring og vidaregående opplæring

Det er ein klar samanheng mellom grunnskulepoeng og andelen av elevar som fullfører og består vidaregående opplæring. Det er elevar med høg grunnskulepoeng frå grunnskulen som oppnår studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem år. Andre viktige faktorar er fråver og heimeforhold.



Kilde: Skoleporten

Grunnskolepoeng er eit mål på kunnskapsgrunnlaget elevane har med seg frå grunnskulen, og vert brukt ved opptak til vidaregåande opplæring. Grunnskulepoenga er gjennomsnittet av standpunkt- og eksamenskarakterar til elevane i ungdomsskulen, ganga med ti.

Vi hadde ein merkbar nedgang frå 2012-2013. Hemsedal har ligge høgt på grunnskulepoeng gjennom lengre tid og vi vil også ha utvikling over tid for auga. I små kommunar kan variasjonar gje større utslag.

Ungdomar frå Hemsedal som ikkje startar vidaregåande, har kontakt med OT. Indikatoren «direkte overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring» gir informasjon om delen elevar som begynner i vidaregåande opplæring same år som dei avsluttar grunnskulen. Indikatoren seier ingenting om kva dei utan direkte overgang gjer, og enkelte av desse kan vera i tilbod som førebud til vidaregåande opplæring (grunnskule for vaksne, norskopplæring og førebuande kurs for minoritetsspråklege elevar), det kan vera personar som går på private skular, er i arbeid eller liknande.

Dei aller fleste elevane som går ut av ungdomsskulen begynner i vidaregåande opplæring i august. Det er midlertidig nokre elevar som sluttar i vidaregåande opplæring fram mot 1. oktober – det offisielle telletidspunktet for elevar i vidaregåande opplæring.

Hemsedal toppar også for 2005-2007 kulla, statistikken for gjennomføring i vidaregåande. Det er ein god måleindikator og viser god måloppnåing når vi ser på det lange opplæringsløpet frå barnehage til fullført vidaregåande skulegang.

Tabell A.1: Elever som ikke fullfører og består innen fem år, etter årskull og kommune

	2000-2002-kullene	2001-2003-kullene	2002-2004-kullene	2003-2005-kullene	2004-2006-kullene	2005-2007-kullene
Nasjonalt	25,0	25,4	25,8	25,8	25,4	25,0
<b>Buskerud</b>	25,8	26,0	27,1	27,2	27,5	26,8
<b>Drammen</b>	26,3	26,3	28,6	28,4	30,1	28,8
<b>Kongsberg</b>	23,6	22,5	21,2	21,2	23	25
<b>Ringerike</b>	23,2	23,4	22,4	25,3	26,9	27,1
<b>Hole</b>	21,5	17,7	18,5	16,7	18,8	18,7
<b>Flå</b>	:	:	:	:	:	41,3
<b>Nes (Buskerud)</b>	28,4	26,6	28,7	25,7	23,7	28,8
<b>Gol</b>	27,2	24,4	20,3	22,5	21,2	24,6
<b>Hemsedal</b>	13,1	16,1	15,3	15	14,8	11,1
<b>Ål</b>	21,7	22	23,9	26,5	25,1	22,9
<b>Hol</b>	26,3	30,3	30,7	28,9	24,2	27,6

Indikatoren «fråfall» gir informasjon om delen elevar som er borte frå vidaregåande opplæring i Noreg i to år på rad. Forsking viser at ungdom som er borte frå utdanning to år på rad, er det mindre sannsynleg at dei kjem tilbake i utdanning enn ungdom som er borte i eitt år. Delen som er borte i to år på rad er derfor ein indikasjon på kor stor del som står i fare for aldri å oppnå kompetanse på vidaregåande nivå. Indikator for fråfall gjeld berre skuledelen av vidaregåande opplæring.

Overgangen frå Vg2 på yrkesfaglege utdanningsprogram er ein av dei mest kritiske overgangane med tanke på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Det er her ungdomen skal gå frå å vera elevar til lærlingar. Tilgangen til læreplassar påverkar derfor overgangen i stor grad. Det er viktig at bedrifter og kommunale verksemder vert oppmoda til å ta imot lærlingar.

### Pedagogisk utviklingsarbeid i oppvekst

#### Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagane

Begrepsopplæring: Barnehagen har innarbeidd Begrepsopplæring i sin plan. Prosjektslutt 2014 Barnehagane har no prosjektarbeid, KUPP (Kompetanseheving i pedagogiske prosessar) saman med dei andre kommunane i Hallingdal. Tema er barn sitt psykososiale miljø. Styrarane i begge barnehagane er i gang med nasjonal leiarutdanning for styrarar, Dette styrkar kompetansen for leiarane i barnehagane og er med på å styrke fagleg utvikling av barnehagane.

#### Felles pedagogisk utviklingsarbeid i skule og barnehage

Felles Løft for tidleg innsats, 2012-2014, Steg 2 - overgang barnehage/skule er avslutta. Det er utarbeida ein kommunal plan for overgangen, som no skal implementerast. Det er opparbeida ei større heilskapleg tenking på dette området, der det er lagt vekt på samarbeid mellom barn, foreldre, personalet i barnehage og skule. Felles Løft Steg 3 Skule har starta med innleiande møter med prosjektgruppa og skuleleiarane.

Ståstadsanalyse våren 2015. Prosjektslutt 2017.

### Pedagogisk utviklingsarbeid i skulen

*Relasjonsskulen* - pedagogisk utviklingsarbeid ved Hemsedal barne- og ungdomsskule starta hausten 2012. Alle tilsette har fått teoretisk innføring i Relasjonskompetanse. Prosjektet fell dette året saman med prosjektet *Vurdering for læring*. Vurdering for læring (2010-2014) er ei satsing i regi av Utdanningsdirektoratet der skuleigarar, skular og lærebedrifter vidareutviklar eigen vurderingspraksis.

Klasseleiing og vurderingspraksis står i fokus. I Vurdering for læring er relasjonskompetanse basis for alt anna arbeid og tenking. HBU sitt arbeid med teoretiske innføring i relasjonspedagogikk i 2012 gav lærarane eit ekstra fortrinn i *Vurdering for læring* som kom i 2013. Implementeringa i skulen er over, men går no inn i praksisen til skulen og blir arbeidd med kontinuerlig. Prosjektet vert halde aktivt gjennom året.


Lokalt læreplanarbeid har tatt mykje tid dette skuleåret og blir jobba med framover for å tilfredstille krava i Kunnskapsløftet og i Opplæringslova med forskrifter. Lokalt læreplanarbeid arbeider alle kommunane i Hallingdal med no. Det er også tema for tilsyn frå Fylkesmannen. Vi har enno ikkje hatt tilsyn.

Vi har fleire tiltak som vi arbeider med tverrsektorielt. Vi kan kort nemne tiltaket «Kjærlighet og grenser» på 8. trinn. Dette er omtala under området Barn og unge.

### Driftsutgifter - KOSTRA-rapportering med kommentar.

Hemsedal ligg i overkant når det gjeld driftskostnader til grunnskulen.

I tabell to i oversikten under, er kvar gruppe spesifisert: 202 kostnad undervisning, 215 SFO, 222 drift skulelokalar og 223 skuleskyss



- 2012 Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern
- 2013 Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern
- 2014 Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern

Netto driftsutgifter grunnskolesektor per innbygger 6-15 år	0618 Hemsedal 2012	0618 Hemsedal 2013	0618 Hemsedal 2014	Kostragr. 02 2014	0616 Nes 2014	0619 ÅI 2014
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år Enhet : Kroner	114570	117818	128021	117520	118464	123141
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år Enhet : Kroner	93024	96719	104258	93274	102187	97769
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år Enhet : Kroner	7480	4963	5465	4779	1336	3750
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år Enhet : Kroner	15685	15733	17131	18338	13344	20245
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år Enhet : Kroner	3297	3502	4431	4094	2403	3666

Gjennom arbeidet med analyse av skulestrukturen har vi spesielt vurdert driftskostnadene.

Vi kjem ugunstig ut med omsyn til talet på elevar på trinnet. Vi har for mange elevar til å slå saman i ei gruppe og for få til å drive kostnadseffektivt.

Vi har større del med elevar som treng omfattande spesialpedagogiske tilbod.

### Vaksenopplæring

Alle dei seks kommunane i Hallingdal samarbeider om grunnskule for vaksne. Vi har dette året ikkje hatt elevar ved Læringsenteret som har fått grunnskuleopplæring eller spesialundervisning. Vi har elevar ved Læringsenteret Gol som tek imot opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

### Kultur

*«Hemsedal kommune vil i sin kulturpolitikk sikre mangfold innanfor kulturlivet og gjennom kultur og idrettstryke kjensla av samhald og fellesskap i bygda»*

### Hemsedal folkebibliotek

Bibliotek som bygning eller fysisk rom er vesentleg for oppfatninga av kva eit bibliotek er.

Samspelet mellom rommet sin estetikk, innhald og funksjon er med på å gje biblioteket identitet.

Hemsedal folkebibliotek har ein svært sentral plass som kulturformidlar. Biblioteket vert nytta til ulike arrangement som Trøll i ord, minikonsertar og liknande.

Biblioteka i Hallingdal samarbeider om prosjektet «Livslang læring». Føremålet er å etablere funksjonelle studieplassar for vaksne som vel å ta utdanning som fjernstudentar. Fleire studentar nyttar allereie biblioteket, både som arbeidsplass, eksamenslokale og for å bestille pensumlitteratur, men betre praktisk tilrettelegging, møblar og teknisk utstyr er nødvendig.

Samstundes må ein ta omsyn til at det fysiske biblioteklokalet har kvalitetar som ikkje utan vidare kan erstattast av digital distribusjon av informasjon. Den sosiale møtestaden for alle representerer ein kvalitet som må utviklast. Biblioteket er ein uformell møtestad for fastbuande og tilreisande. Skulebiblioteket skal vera læringsarena i alle fag og på tvers av fag, og ein arena for å formidle litteratur og digitale læringsressursar. Det vil difor vera nødvendig å følgje opp det digitale utviklingsbehovet.

Biblioteket er skulebibliotek for Hemsedal barne- og ungdomsskule og har ansvar for drifta av biblioteka ved skulane på Tuv og Ulsåk.

Biblioteket har stor aktivitet og mykje besøk, sjølv om det har vore ein nedgang i utlån og besøk dette året. Det var ikkje råd å henta tal frå KOSTRA då årsmeldinga vart skrive. Tala i tabellen nedanfor er henta frå biblioteket si eiga oversikt i tidsrommet 2013-2014. Høgt utlån over tid har medført stor slitasje og det er trong til fornying.

	2013 - utlån	2013 - fornying	2013 - totalt	2014 - utlån	2014 - fornying	2014
Besøk			8 995			8 415
Besøk barn			2 469			2 200
Besøk vaksne			6 526			6 215
Totalt utlån			29 970			24 827
Barn fag	1 458	311	1 769	1 315	178	1 493
Barn skjønn	7 612	2 352	9 964	7 092	1 211	8 303
Barn lyd	945	285	1 230	756	184	940
Barn film	1928	457	2 385	1 466	447	1 913
Vaksne fag	3 702	916	4 618	2 720	753	3 472
Vaksne skjønn	3 243	766	4 009	3 358	662	4 020
Vaksne lyd	1 315	204	1 519	1 227	189	1 416
Vaksne film	2 349	338	2 687	2 076	428	2 504
Anna	643	437	1 080	451	59	510

Dei siste åra har det kome to bibliotekaktuelle stortingsmeldingar: St.meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* og St.meld. nr. 24 (2008-2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*. Meldingane utfyllar kvarandre. Både peikar på korleis alle typar bibliotek dei komande åra vil måtte navigere i eit landskap prega av både tradisjonelle biblioteknester og aukande bruk av digital teknologi.

### Hemsedal Ungdomsklubb

Ungdomsklubben framstår som ein attraktiv plass for ungdomen, ein avslappande arena der ungdomar med ulike interesser kan møtast i eit miljø utan stress og prestasjonskrav. Besøkstalet er på mellom 20 og 30 på fredagar og 10-20 på onsdagar. Det er ungdomar som treng ein møtestad som denne og dei nyttar seg av tilbodet. Klubben er ein del av klubbkrets i Hallingdal som skal jobbe målretta med felles rusfrie ungdomsarrangement i Hallingdal.

Hemsedal vil ha attraktive **idretts- og aktivitetsanlegg**. Gravset skistadion har vore i bruk i snart 30 år. Gravsetstugu stod ferdig desember 2014 og med dette anlegget har Hemsedal fått eit komplett langrennstilbod. På grunn av grunneigarar, mange dugnadstimar, sponsorar samt kommunale midlar og tippemidlar, kunne anlegget realiserast.

Målet er å ta vare på Hemsedal sin kulturelle identitet. Det skal vere gode arbeidsvilkår for frivillige lag og rom for eldsjeler innanfor kulturtiltak. **Kulturmidlar** vert delt ut to gonger i året og

medverkar til god aktivitet i lag og organisasjonar.

Årets **kulturpris** vart utdelt 28. juni til Harald Lystad (på Ole Johans Minneturnering). Han er ein aktiv kar som har ytt stor frivillig innsats i idrettslaget, både som trenar og som arrangementsansvarleg for lokale og internasjonale renn. Han har òg vore aktiv innan NAF Hemsedal/Hallingdal med billøp, og som leiar av Hemsedal Golfklubb i 20 år. Han har vore med på å utvikle laget og er initiativtakar til Ole Johan's minneturnering som har samla inn betydelige beløp til Kreftforeininga. Han var med på etablering av «Folk i form» løypene for betre helse og som trivselstiltak til glede for både fastbuande og turistar.


**Bygdearkivet og Hemsedal historielag** gjer ein kjempejobb i høve til å ta vare på kulturminner. Omlag 2000 biletar er scanna og lagt ut på internett via Digitalmuseum.no. Kvart bilet er merka med tekst, fotograf, årstal og anna informasjon om biletet. Dette er eit skattekammer som alle burde ta ein tur innom.

Mange barn og unge får høve til å utvikle song, musikk, dans og drama gjennom tilboda i



**Hemsedal musikk- og kulturskule.** Vi opplever gjennom året minikonsertar og større arrangement der dei unge bidreg. Dette året vart Ungdommens Kulturmønstring arrangert i Hemsedal, for 3. gong. Sal og scene vert utstyrt med godt lyd- og lysutstyr. Ungdommar melder seg på til mønstringa med utstilling, film, song, dans og musikk. 18 innslag i 2014, ei flott showprega mønstring. Vi ynskjer å halde den lokale mønstringa i bygda for å vise at ungdomar vil og kan. Stort pluss at mange av bygdas unge òg deltek som publikum på mønstringa.

Diagrammet under viser i % kor stor del av elevane i grunnskulealder som har tilbod i musikk- og kulturskulen. Tal henta frå KOSTRA viser at også i 2014 er det høg aktivitet i musikk og kulturskulen, sjølv om det er noko færre elevar i % av tal på barn i alderen 6-16 år, gjennom heile skuleåret. Men det er også slik at mange av elevane er med på




fleire tilbod, t.d. har dei kanskje undervisning på to forskjellige instrument, i tillegg til at dei er med på gruppeaktivitetar.

Musikk- og kulturskulen har i underkant av 100 elevar vårsemesteret 2014.

Ein svak nedgang i elevtalet i musikk og kulturskulen i 2014 kan forklarast med at det ikkje var danse- og dramatilbod dette året. Hausten 2015 kjem me til å

sette i gang att med både danse- og dramatilbod, i tillegg til at me skal starte opp att med



førskulegruppe. Dette vil nok gje ein oppsing i elevtalet att.

Det står elevar på venteliste kvart år. Ved å tilby gruppeundervisning har musikk- og kulturskulen klart å redusere talet for kvart år. Talet på elevar på ventelista vil verte redusert frå hausten 2015, då ein del av dei som står der no i utgangspunktet har søkt dans og drama, eit tilbod me ikkje

har hatt dei to siste åra. Samstundes er det fleire elevar som no skulle hatt tilbod for vidarekomande. Dette er ei sentral utfordring for 2014 -15. Kulturskulen skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg kompetanse og då er ein avhengig av eit interkommunalt samarbeid. «Kulturskuletimen», eit tilbod til alle elevar i 1.-4. trinn var planlagt innført for eit par år sidan, men dette tilboden er trekt att av regjeringa. Så det tilboden vart borte før me fekk starta her. Hausten 2014 var det 30 år sidan Hemsedal kommunale musikkskule vart oppretta.

**Frivillige lag og organisasjoner** gjer ein stor dugnadsinnsats og formidlar kulturelle tradisjonar og legg til rette for fysisk utfalding på mange område. Dette er med på å gjera Hemsedal til ein god plass å bu og å vekse opp.

**Grunnlovsjubileet 1814 – 2014** vart markert med stor jubileumskonsert 17 mai i Trøimshallen, på kvelden. Hemsedalskoret stod som teknisk arrangør. På scena deltok Ordførar, Hemsedal trekkspelklubb, Hemsedal barnekor, Samhald Ungdomslag, Hemsedal hornmusikklag, Malin Standberg, The Fredz og Hemsedalskoret. Ein flott konsert som markerte Grunnlovsjubileet i ein fullsett Trøimshall.

I samarbeid med Helse og omsorg, har vi prosjektet «**Den kulturelle spaserstokk**». Dette er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, Hemsedal Pensjonistlag, Hemsedal eldreråd og Hemsedal kommune.

Det vart arrangert 2 filmdagar i vårhalvåret for godt vaksne med mellom 15 – 20 deltagarar kvar gong. Det er eit sosialt tiltak med innlagt kaffipause. Dette er eit tilbod som ikkje er tenkt vidareført.

Tidleg i september vart det arrangert stølsdag på Ulsåkstolen, med konsert/kåseri med Magne Skjævesland for 40 deltagarar - «Ferdaminne Aasmund Olavsson Vinje»

I november vart den årlege **Haustoffesten** gjennomført med underhalding av Tor Henning Olsen, 3 rettars middag og dans til Trekkspelklubben etterpå. - Triveleg arrangement på Hugnadheim med 85 gjester.

Hallingdal teaterverkstad og Hallingdal museum er to samarbeidspartnarar som er i endring.

Hallingdal teaterverksted er slått saman med øvrige teaterverkstader i Buskerud til

**Buskerud teater**, med avdelingskontor på Gol. Hallingdal museum er i 2014 slått saman med 5 andre museum i Buskerud. Nytt namn er **Buskerudmuseet**. Begge omorganiseringane er initiert av Buskerud fylke.

**Brageteatret** er ein ny samarbeidspartner med opne førestellingar i 2014. Dei kjem med tilbod om profesjonelt teater til bygdefolket. Brageteatret har tidlegare kunn kome med tilbod til barn og unge i samband med «Den kulturelle skulesekken». Brageteatret ynskjer å knytte varige kontaktar å ynskjer å koma med tilbod om opne førestellingar til både barn og vaksne. Fyrste førestelling hadde vi hausten 2014 – då med førestellinga «Stille før stormen». 15 stk. såg førestellinga.

**Kulturkoordinator** er eit anna prosjekt der Hemsedal har delteke i samarbeid med dei andre Hallingdalskommunane. Dette er eit 3-årig prosjekt som er finansiert av bulystmidlar i perioden 2012 – 2015. Ål kommune er vertsskap. Prosjektet har gjeve mange og gode arenaer for og med ungdommar frå heile Hallingdal, bla. konsertserien Fjellklang. Fjellklang har kome ut frå samarbeidsprosjektet «De unges arena», DUA, som vart initiert av koordinatoren. Det vert arbeidd med ei vidareføring av dette prosjektet.

Det har vorte arbeida med anbodsdocument for utviding av **kyrkjegarden** i 2014. Arbeidet er tenkt fullført i 2015.

## Økonomi

20 Kultur og oppvekst	Rekneskap 2014	Buds(end) 2014	Avvik(per.) 0	Rekneskap 2013	Buds(end) 2013	Avvik(per.) 0
10 LØNN OG SOS. KOSTNADAR	53 013 867	49 117 139	3 896 728	51 008 668	47 670 000	3 338 668
11 KJØP AVVARER/TJ. SOM	6 376 821	5 220 140	1 156 681	6 520 578	5 176 000	1 344 578
13 ERSTATTAR KOMM. EIGENP.	6 007 376	1 990 263	4 017 113	1 406 941	1 382 000	24 941
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	5 307 857	3 603 100	1 704 757	2 750 006	2 016 000	734 006
15 FINANSUTGIFTER	43 505	0	43 505	210 693	0	210 693
<b>Sum utgifter</b>	<b>70 749 426</b>	<b>59 930 642</b>	<b>10 818 784</b>	<b>61 896 887</b>	<b>56 244 000</b>	<b>5 652 887</b>
16 SALSINNTEKTER	-5 144 532	-4 353 970	-790 562	-4 933 468	-3 929 000	-1 004 468
17 REFUSJONAR	-10 190 139	-2 716 180	-7 473 959	-6 318 381	-3 233 000	-3 085 381
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-1 023 225	0	-1 023 225	-382 745	0	-382 745
19 FINANSINNT/FINANSIERINGS	-1 995 257	-1 458 000	-537 257	-149 920	-558 000	408 081
<b>Sum inntekter</b>	<b>-18 353 153</b>	<b>-8 528 150</b>	<b>-9 825 003</b>	<b>-11 784 514</b>	<b>-7 720 000</b>	<b>-4 064 514</b>
<b>Sum gruppeansv.: Kultur og oppvekst</b>	<b>52 396 274</b>	<b>51 402 492</b>	<b>993 782</b>	<b>50 112 373</b>	<b>48 524 000</b>	<b>1 588 373</b>

Kultur og oppvekst hadde eit netto meirforbruk på kr 993 782 i 2014. Kr 41 000 er utbetalt frå driftsbudsjettet til analysearbeid i høve barnehage- og skulestruktursaka Jf. K-vedtak 39/13. Jf K-sak 29/14 03.04.2014 skulle det setjast av inntil 30 000 kr til framtidig drift av Gravsetstugu i 2015. På grunn av opninga av Gravset-stugu, vart det overført 20 000 kr. i 2014. Resterande 10 000 kr

vert avsett og overført i 2015. Ubetalt krav på skuleskyss totalt 370 000 kr. inkl. mva. er avslutta. Samla ikkje budsjetterte kostnader 431 000 kr påverkar overforbruket. Det var budsjettert med 755 000 kr for mykje refusjonsinntekter frå staten til elevar frå mottaket.

**Gruppe:**

**10 Løn og sosiale kostnadar** - meirforbruket blir dekka inn av auka salsinntekter og refusjonar. Barnehagen har uteståande ca. 100 000 kr i spesialpedagogiske tiltak som ikkje er tilbakebetalt frå IMDI. Dette beløpet er venta inn våren 2015.

**11 Kjøp av varer og tenester**

Vi har avslutta klagesaka på skuleskyss i samarbeid med Fylkesmannen. Varsla i 2. tertial. Kravet frå 2011 er utbetalt med 189 000 kr inkl. mva. Eit nytt krav på 181 000 kr for ledsager-køyring SFO kom i desember 2014 og galdt frå 1.1.2013. Totalt for desse to krava: 370 000 kr. inkl. mva. Resterande overforbruk vert dekka av refusjonsinntekter og salsinntekter.

**13 Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon.** Ny praksis vedrørande føring av refusjonar frå staten og overføring til Læringssenteret. Overføring til Læringssenteret på vel 4 mill.vert ført som refusjon frå staten i gruppe 17

**14 Overføringsutgifter** Forutan moms kr. 700 000 er det overført 894 000 kr i spelemidlar til Idrettslaget. 894 00 kr vert refundert i gruppe 18

**16 Salsinntekter** Auken skuldast meirinntekt i brukarbetaling på SFO på grunn av fleire barn i SFO. Brukarbetalinga kompenserer meirforbruk på lønn i SFO

**17 Refusjonar:** For høgt budsjettert refusjon frå staten for grunnskule-elevar frå mottaket kr. 755 000

**18 Overføringsinntekter**

**19 Finansinntekter:** Det er brukt 595 000 kr av bundne driftsfond der største overføringa gjeld grunnskuleopplæring til asylsøkjarar.

Kultur og oppvekst hadde eit forbruk i tråd med det som vart varsle i 2. tertial.

## TENESTEOMRÅDE HELSE OG OMSORG

Omfattar psykisk helse, helsestasjon og jordmorteneste, legeteneste, fysioterapi, institusjonsbasert teneste, heimeteneste og koordinerande eining.

NAV, Hallingdal barnevern, miljøretta helsevern og Hallingdal krisesenter er ligg under helse- og omsorg sitt budsjettområde, men dei leverer eigne årsmeldingar.

### Helse, velferd, omsorg

*«Alle mennesker er ressurspersonar. – I Hemsedal vil vi ved utforming av tenestetilbod og ved tilrettelegging la enkeltmenneske få bruke sine ressursar på ein best mogleg måte ut i frå sine føresetnader. Slik kan dei oppleve livskvalitet basert på meistring, meining og livsglede.»*

### Sentrale utfordringar


- Ha tilstrekkeleg kompetanse og ressursar for å møte nye utfordringar.
- I samarbeid med tillitsvalte finne fleksible og gode arbeidstidsordningar som tek vare på både brukarane og tilsette sine behov, og som gir ei best mogleg kvalitativ og effektiv tenesteyting.
- Jobbe systematisk med folkehelse- og førebyggjande arbeid
- Vidareutvikle kvalitetssystem, kvalitetsindikatorar, IKT og planarbeid
- Implementere kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi
- Styrke tverrfagleg samarbeid , både kommunalt, interkommunal og med spesialisthelsetenesta, samt deltaking i prosjektarbeid for å gje ei betre tenesteyting.
- Å tilby formålstenelege aktivitetstilbod innan dei ulike brukargruppene

**Personalet** er vår viktigaste ressurs og føresetnad for å kunne gje gode tenester. I helse og omsorg har vi god fagdekking og stabilt personale som har engasjement i jobben og gir det vesle ekstra for å skape gode kvardagar for brukarane og deira pårørande. Det er avgjerande for brukarar et det er kontinuitet og tryggleik i tenestene.

Personalet er utviklingsorientert og samarbeider godt på tvers. Det er ein stabil personalgruppe. Innanfor enkelte områder er det stort arbeidspress. Dette gjeld spesielt psykisk helseteneste, legeteneste og fysioterapi, innan sjukepleiefagelege oppgåver og administrasjon. Det har vore vakansie innan helsestasjon og psykisk helse delar av året.

Det blir lagt vekt på kompetanseutvikling i etaten for å kunne møte nye utfordringar. Etaten søker på kompetanse- og opplæringsmidlar, der det er mogleg. Det blir også jobba interkommunalt med å få til opplæring- og kurstilbod i regionen. Det er fleire ufaglærte som har fått fagbrev som helsefagarbeidar gjennom helsefagarbeidarens ABC. Det er også nye ufaglærte som har starta på utdanning. 1 sjukepleiar er ferdig med vidareutdanning innan psykisk helse. Hemsedal kommune vil sende instruktørar på opplæring i ALERT med sikte på vidare intern opplæring i kommunen.

### Del av årsverk av i brukarretta tenester med fagutdanning



Kjelde: Tilstandsrapport 2014- Fylkesmannen i Buskerud

I eit miljøarbeidarprosjekt er det godkjent døgnturnus. Dette fungerer bra både for brukar og for personalet. Det ser ut til at denne type turnusordningar sikrar stabilitet og tilgang på kvalifisert personell. Det blir i samarbeid med tillitsvalte jobba med å skape heiltidskultur med alternative fleksible turnusordningar. Det er fleire tilsette som har signalisert at dei vil ha auka stilling

Det er eit samarbeid med Vestre Viken, kommunehelsesamarbeid og Hallingdalskommunane om implementering av elektronisk meldingsutveksling mellom dei ulike fagsystema. Det er også kjøpt inn arbeidsplanverktøy for å lette arbeidet med lønskøyring. Frå 2014 vil ein utvide systemet til elektronisk turnusplanlegging. Helse og omsorg er med i læringsnettverk for etisk refleksjon. I ein travel kvardag er det lett å skyve på arbeid med kvalitetssystem, informasjonsarbeid og plan og strategiarbeid.

Det er etablert ein god kultur for tverrfagleg samarbeid i etaten. Det er etablert fast møtearena for tildeling av tenester. Dette gjer at ein kan nytte personalressursane på tvers av tenesteområda og tilby samordna tenester for dei som har behov for det. Det er også etablert eit godt samarbeid med psykiatrisk poliklinikk i Vestre Viken, Familievernkontoret og habiliteringstenesta, der dei kjem til Hemsedal regelbunden for å samarbeide om enkeltbrukarar, men også for å rettleie personalet.

Det er fokus i kommunen på **førebyggjande arbeid og tidleg intervasjon**. Det skjer mykje førebyggjande tiltak innan dei ulike einingane, samt at etaten er med i ei rekke samarbeidsprosjekt.

- Prosjekt barn i rusfamiliar. Samarbeidsprosjekt med oppvekststata
- Kjærighet og grenser. Samarbeidsprosjekt med oppvekststata. Det er blitt gjennomført for 8. klasse første kvartal 2014.

- Ny Giv. Samarbeidsprosjekt med oppvekst
- Felles Løft. Samarbeidsprosjekt med oppvekst
- Lek og sommarmoro i regi av Psykisk helse
- Dagsenter og middagsgruppe i regi av psykisk helse
- ICDP og EDPS i regi av helsestasjon
- Godt samlivskurs, samarbeid mellom helsestasjon, psykisk helse og familievernkontoret
- Prosjekt FUA, fysisk aktivitet for inaktiv ungdom. Samarbeidsprosjekt med helsestasjon, psykisk helse, Friskliv og fysioterapi
- Ulike treningsgrupper i regi av fysioterapi og fysioterapeut med driftstilskott for å førebygge og behandle muskel og leddplager.
- Ulike treningsgrupper for alle i regi av Friskliv, som spinning, styrketrenings, gågrupper
- Bassentrening for personar med revmatiske plager, samarbeid med helselag, frivilligentral og Friskliv
- Oppstart med seniordans og seniortrenings i regi av Friskliv
- Fallførebyggande trening, fysisk trening for eldre heimebuande og bebuarar på sjukeheim i regi av fysioterapi
- Den kulturelle spaserstokken, samarbeid med Kultur, bibliotek, pensjonistlag, eldreråd, frivilligentral m.fl om kulturtild til eldre.
- Musikkstund på sjukeheimen, samarbeid med musikk og kulturskulen
- Gubbetreff- Livslystkafé- prosjekt i Hallingdal
- Frisklivsprosjekt i samarbeid med Friskliv, fysioterapi psykisk helse og NAV er under utarbeidning med oppstart 2015.

I løpet av 2014 vart dei ulike delprosjekta i **Hallingdal lokalmedisinske tenester** avslutta og alle kommunane har bestemt gjennom politiske vedtak å vidareføre anbefalingar i gitt i prosjektrapporten. Dei ulike delprosjekta har søkt, fått prosjektmidlar og sett i gong ei rekke ulike prosjekt, som diabetesprosjekt, Livslystkafé, Ungdomslos, kreftkoordinator, KID kurs, ernæringsprosjekt

I Hallingdal er det og ei rekke interkommunale samarbeidsorgan innan ulike fagområder som møtast regelbunden. Det er og eit eige kompetanseutval som i samarbeid med utviklingsjukeheim og ulike utdanningsinstitusjonar har sett i verk regionale kurs og vidareutdanningar.

**Institusjonsbasert teneste - Hemsedal Bygdaheim.** Det er 23 sengeplassar der 4 sengeplassar er avsett til korttidsplassar, rehabiliteringsplassar, plassar for avlastningstiltak og 1 rom er lagt til rette for lindrande behandling og palliasjon.

Det er fleire som er inne på korttidsopphald og avlastningstiltak. I 2014 er det blitt registrert i 21 innleggningar ved sjukeheimen som er registrert som KAD innleggningar. Dette kjem i tillegg til KAD (kommunale akutte døgnplassar) plassar ved Hallingdal sjukestugu. Ved ledig kapasitet har andre kommunar kunne kjøpe korttidsplass på sjukeheimen.


	2012	2013	2014
Liggedøgn korttidsopphald, avlastning rehabilitering, Ø-hjelp	1221	714	1029

<b>Liggedøgn langtidsopphald</b>	5839	6751	6035
<b>Prosent belegg</b>	69,6	80,4	84,0

Kommunen har god sjukeheimsdekking og vi kan ta i mot dei pasientane som har behov for plass. Måogruppera for sjukeheimsopphald er blitt meir sammensett og det er viktig at kommunen har god fagdekking og kompetanse.. Tett og godt samarbeid med lege fysioterapi, psykisk helse og spesialisthelsetenesta er viktig. Det bør satsast enno meir på målretta rehabilitering og fokus på kvardagsmeistring slik at pasientar som er inne på korttidsopphald kjem fort heim

Det er viktig å avdekke førebygge og behandle under- og feilernæringer blant eldre og sjuke heimebuande. Pleie personell og kjøkken har fokus på dette området. Kjøkkenet er med i eit ernæringsnettverk i regionen.


#### Plasser i institusjon i prosent av innbyggjarar over 80 år.



Kjelde: Tilstandsrapport 2014- Fylkesmannen i Buskerud

**Heimetenevestene** omfattar heimesjukepleie, heimehjelp, praktisk bistand og noko miljøarbeidarteneste. Formålet med dei heimebaserte tenestene er å bidra til at personar med funksjonsvikt og omsorgsbehov kan oppretthalde eit sjølvstendig liv i eigen bustad. Å gje gode omsorgstenester og samstundes styrke tidleg innsats og det førebyggjande arbeidet krevje omstilling i tenestene. Gode hjelpemiddel og velferdsteknologiske løysingar vil kunne hjelpe til at den einskilde klarar seg sjølv i kvar dagen.

Heimesjukepleie har eit samarbeid med fysioterapitenesta med tilbod om både individuell trening og gruppetrening. Det er og eit tett samarbeid med sjukeheimen med å nytte ressursar på tvers.



Kjelde: Tilstandsrapport 2014- Fylkesmannen i Buskerud

### Bråtenjordet:

Bråtenjordet yter tenester til yngre personar med behov for miljøarbeid, praktisk bistand, avlastning i institusjon. Først på året var det ein del turnover i delar av tenesta. Det vart i 2014 bestemt at «Prosjekt- 24 timarsbarnet» skulle vidareførast som ein permanent ordning. Målet med prosjektet er å gje gode tenester gjennom at det blir ei stabil personalgruppe med gode kvalifikasjonar som jobbar på tvers slik at brukarane får gode tenester.

**Koordinerande eining.** Eininga har ansvar for å koordinere tenester innan helse og omsorg der det er behov for samordna tenester innan rehabilitering og habilitering. Eininga har også ansvar for tildeling og oppfølging av vedtak av fritidskontakt, TT-kort, BPA, parkeringskort, miljøarbeid, omsorgsarbeid m.m. Det faglege overordna ansvaret for oppfølging av tvangsvedtak etter helse og omsorgslova kap. 4 og 9 er lagt Eininga har også ansvar for kvalitets- og fagutvikling innan etaten. KE er viktige koordinatorar for barn og unge som har behov for koordinering av tenester. Det er etablert samarbeidsrutinar og felles møtepunkt med ulike instansar ikkje minst i overgang til vidaregåande skule.


**Fysioterapi og friskliv** er pådrivar og i gangsetter av førebyggande- og folkehelsetiltak. Friskliv har vore sentral i partnarskapsavtale mellom kommunen, Turistforeninga, idrettslag. Visjon er Hemsedal – Noreg sprekaste bygd. Dei har vore pådrivar for å få i gong seniordans i Hemsedal.

Det kjem og fram av folkehelseprofilen og styringsdata at Hemsedal har fleire muskel og skjelettplager enn gjennomsnitt for landet. Det blir jobba systematisk med å halde ventelister på behandling låg samstundes som det blir satsa mykje på førebyggjande arbeid, lågterskeltilbod og gruppentrening.

I regionen er det blitt samarbeidd med å få i gong kurs, opplæring og erfaringsutveksling innan fysioterapi i regionen.

**Helsestasjon og jordmorteneste.** Helsestasjon omfattar av helsestasjonsteneste, jordmorteneste, skulehelseteneste og ungdomshelseteneste. Helsestasjonen har og eit koordinerande ansvar for tenester til asylmottak. Det har vore noko vakanse i stilling som helsesøster.

Helsestasjon er viktig instans i å jobbe førebyggjande og med tidleg innsats for å sikre gode oppvekstvilkår for barn. Siste året har det kome fleire rutinemessige vaksiner som krev meir oppfølging. Skolehelsetenesten har auke i barn/ ungdom som nyttar seg av å kunne gå til samtale med helsesøster. Fleire foreldre tar også kontakt for at barnet deira skal få snakke med nokon. Det handlar mykje om familiesituasjonen og den psykiske helsa. Dei deltek i fleire prosjekt i lag med oppvekst. Det vart brukt ein god del ressursar i lag med psykisk helse for å få i gong og gjennomføre «kjærlighet og grenser». Tenesta tilbyr ICDP kurs/ samlingar for å styrke foreldrerolla. Helsestasjonen, psykisk helse og Kirkens familievernkontor har gjennomført kurs i godt samliv. I tillegg blir EPDS (The Edinburgh Postnatal Depression scale), brukt som ei kartlegging og oppfølging i høve til psykisk helse hjå gravide og barselkvinner. Det har kome ny rettleiar som krev to heimebesøk av etter fødsel. Nyfødte reiser raskare heim og foreldra er usikre på mange ting, i praksis fører dette til fleire heimebesøk pr barn. Talet på fødslar har vore noko lågare dei siste åra.



Kjelde: tilsynsrapport 2014- Fylkesmannen i Buskerud

**Psykisk helse** er eit lågterskeltilbod og eit behandlingstilbod for personer med psykiske vanskar og rusproblematikk. På grunn av permisjon og sjukemelding har det i periodar vore høg arbeidsbelastning for dei tilsette.

Det er fleire som har behov for tenester innan psykisk helse. Det er fleire med samansette og langvarige behov i alle aldersgrupper. Mange har behov for samtaler, miljøarbeid, gode tiltakspllassar eller aktivitetstilbod. Det er derfor viktig med tilstrekkelege ressursar, brei kompetanse, samhandling og fleksibilitet mellom tenester.

Det blir jobba med fleire førebyggjande tiltak og lågterskel gruppetilbod.

«Leik» blir gjennomført på begge oppvekstsentrar som eit fast førebyggjande tiltak i alle klassar. Det er inngått eit samarbeid med andre Hallingdals kommunar om innføring og vegleiing for å innføre dette i respektive kommunar.

«Sommermoro» blir arrangert for 1-7. trinn etter at skula sluttar i juni. Eit tiltak for aktiv og sosial trivsel som går over fleire dagar, fordelt på tre veker. Ungdomsklubben er base. Det er samarbeid med «Reflection Yoga» slik at dei barna som ynskjer kan starte dagen med yoga på Hugnadheim. Hemsedal kommune baserer sine tiltak på psykisk helse- og rusfeltet på nasjonale anbefalingar. Eit av dei anbefalte tiltaka er «Kjærlighet og Grenser» som er gjennomført på 7. trinn på hbu, saman med Helsestasjonen. Tiltaket er ein førebyggjande storsatsing på relasjonen og dialogen mellom ungdom og foreldre, og foreldre i mellom. Noko som viser effekt for å førebyggje rusproblem. Ungdata-undersøkelsen viser at Hemsedal har dei same utfordingane på dette området som resten av Hallingdals kommunane og landet for øvrig.

Førebyggjande tiltak for vaksne er dagsenter og middagsgruppe. Begge tiltaka er ukentlige. I samarbeid med Friskliv, Fysioterapi og helsestasjon er det gjennomført prosjekt for barn og unge (FUA - Frisk, Ung og aktiv) Det er også gjennomført pilotprosjekt i samarbeid med NAV , Fysio og Friskliv der aktiv livsstil og god psykisk og fysisk helse står i sentrum. Tiltaket baserer seg på individuell- og gruppetilnærming i form av trening, samtaler og møter med ulike tema.

Psykisk helse har fått statlege midlar til prosjekt som er todelt.

Det eine er å kjøpe tiltakslassar gjennom inn på Tunet. Den andre halvdelen skal gå til å få i gong eit aktivitetshus . Målet er at brukarar sjølv kan sette i gong og drive aktivitet, der kommunen gjennom oppdragsavtaler løner personer som bidreg i prosjektet.

Psykisk helsetenesten har ein samfunnspsykologisk intensjon med å arrangere ulike arrangement ifb Verdensdagen for psykisk helse, i samarbeid med folkebiblioteket og HBU. Dette er årvisse arrangement med ulike tema og inviterte ressurspersoner.

Hemsedal har undertekna ei samarbeidsavtale med dei andre Hallingdalskommunane og Vestre Viken der psykisk helse kan stille med ressursar ved behov for pasientar som er innlagt på KAD-plassar. Gjennom interkommunalt samarbeid er det sett i gong prosjekt med Ungdomslos ved vidaregåande skuler.

**Legekontor:** Det er 3 legar med fastlegeavtale. Kommuneoverlege har distriktslegeavtale. I tillegg er det kommunelegeressurs til helsestasjon, asylmottak og tilsynslege for sjukeheim.


Arbeidsbelastinga for legetenesta er sesongbetont. Skisesongen er spesiell med stor aktivitet, og det er behov for utvida legevakt i vintersesongen og det er behov for ekstrapersonell for å få gjennomført legevakt. Det er eit samarbeid med eigen legevaktsentral (LV-sentralen), legevaktssamarbeid med Gol om legevakt og nattevaktsentralen på Ål for heile Hallingdal. Kommuneoverlegane i Hallingdal møtast regelbunden og det er eit almennlegeutval i Hallingdal.

I 2014 tok legetenesta i bruk nytt nødnett. Dei har også fått digital bildeplatelesar, og det er kjøpt

inn ein legevaktbil. På grunn av auka legevaksaktivitet er det til tider trøngt både på venterom, men og undersøking og observasjonsrom. Det er ein del akuttmedisinsk og utstyr til diagnostikk som bør fornyast/ anskaffast dei nærmaste åra. Nye akuttmedisinske forskrifter kan påverke organisering og bemanning av legevakt.

Det er innleia drøftingar for å vurdere om 2- eller fleire kommunar skal samarbeide om felles kommuneoverlege. Det vil og bli inngått ny avtale om legevaktcentral/nattlegevakt med samarbeidande kommunar. Dette vil gje noko auka kostnader som er innarbeid i budsjett 2015.

### Samla tal legeårsverk i kommunehelsetenesta pr. 10 000 innbyggjar



Kjelde Tilstandsrapport – Fylkesmannen i Buskerud

###   konomi

30 Helse og omsorg	Regnskap 2014	Buds(end) 2014	Avvik(per.) 0	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	Avvik(per.) 0
10 L��NN OG SOSIALE KOSTNADER	45 263 787	43 085 100	2 178 687	43 972 268	39 422 000	4 550 268
11 KJ��P AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KO	4 072 261	3 938 871	133 390	4 053 572	4 072 000	-18 428
13 KJ��P AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNA	15 028 516	15 032 940	-4 424	15 236 206	14 655 000	581 206
14 OVERF��RINGSUTGIFTER	3 252 023	2 629 820	622 203	3 421 274	2 473 000	948 274
15 FINANSUTGIFTER	928 063	0	928 063	548 688	0	548 688
<b>Sum utgifter</b>	<b>68 544 649</b>	<b>64 686 731</b>	<b>3 857 918</b>	<b>67 232 008</b>	<b>60 622 000</b>	<b>6 610 008</b>
16 SALGSINNTEKTER	-3 976 689	-3 944 610	-32 079	-3 897 579	-3 762 000	-135 579
17 REFUSJONER	-12 429 984	-6 427 790	-6 002 194	-11 381 803	-7 066 000	-4 315 803
18 OVERF��RINGSINNTEKTER	-12 500	0	-12 500	-1 245 755	0	-1 245 755
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANS	-407 137	-680 000	272 863	-822 761	-910 000	87 239
<b>Sum inntekter</b>	<b>-16 826 310</b>	<b>-11 052 400</b>	<b>-5 773 910</b>	<b>-17 347 898</b>	<b>-11 738 000</b>	<b>-5 609 898</b>
<b>Sum gruppeansv.: 30 Helse og omsorg</b>	<b>51 718 339</b>	<b>53 634 331</b>	<b>-1 915 992</b>	<b>49 884 109</b>	<b>48 884 000</b>	<b>1 000 109</b>

Helse og omsorg har   r 20143 hatt eit netto mindreforbruk p   kr 1,9 mill. Det har for fleire omr  der vore meir refusjonsinntekter enn det som vart budsjettert. Det har vore eit

meirforbruk på utgiftsida, men dette er i hovudsak dekt inn med auka inntekter, refusjonar og overføringsinntekter.

**Kostragruppe 10.** Løn og sosiale kostnader har eit avvik på mindre enn 200 000 når ein tek omsyn til omsyn til refusjon sjukeløn, fødselspermisjon . Når ein tek omsyn til at vi har hatt ei auke i timetal på vedtak spesielt på miljøarbeidarområdet og auke i statleg refusjon er avviket for 2014 liten. Det er ei stor reduksjon i utbetaling av overtid. Helse og omsorg har oppgradert arbeidsplanverktøy og samt hatt prøveordning med eigne turnusansvarlege som har gitt ein enno betre styring på bruk av personell. Ved vakanse har det vore vurdert om det skal nyttast vikar.

**Kostragruppe 11-12. Overforbruket gjeld** spesielt på kjøp av tenester som erstattar eigne tenester. Det er vanskeleg å få etablert gode aktivitetstiltak og dagsentertilbod for yngre personar med demens, nedsett funksjonsevne og rus. Kommunen har derfor inngått avtale med inn på tunet tilbydarar om kjøp av plass. Det har vore eit auka behov , spesielt siste del av året. Det er ei auke i kostnader til medisin og medisinske forbruksvarer som må sjåast i samanheng med at pasientar blir skrive ut tidlegare frå sjukehus og at kommunen behandler fleire .

**Kostragruppe 13.** Gjeld i hovudsak, kjøp frå andre interkommunalt samarbeid og kjøp frå andre kommunar og er totalt sett om lag på budsjett.

Barnevern har hatt eit mindreforbruk på 46 000. Det er ei auke i administrative kostnader (teneste 244) , og eit mindreforbruk på tiltak ( teneste 251 og 252).

NAV er det eit meirforbruk på kr 833 000. Administrative kostnader er om lag på budsjett. Meirforbruket er i hovudsak kostnader knytt til utbetaling av integreringstilskott og etableringskostnar/ økonomisk stønad busette flyktingar. Kostnadene må sjåast i samanheng med integreringstilskott og talet på busettingar. Integreringstilskottet skal i tillegg til dekke kostnader til introduksjonsstønad, etablering dekke kommunens auka utgifter til helse, sosial og omsorg.

**Kostragruppe 14** er i tillegg til meirverdiavgift, meirkostnader til medfinansiering av somatiske spesialisthelseteneste og utskrivingsklare pasientar kr 50 000 i forhold til budsjett. Hallingdal Krisesenter er kostnadene som budsjettet.

**Kostragruppe 15:** Hemsedal fekk mellom anna prosjektmidlar innan kommunalt rusarbeid for året 2014-2015. der mesteparten er satt på bunde fond for bruk i 2015 og må sjåast i samanheng med kostragruppe 17.

**Kostragruppe 16:** Salsinntekter er om lag som budsjettet.

**Kostragruppe 17:** I tillegg til refusjon for sjukepengar og fødselspermisjon er det ei auke i statlege refusjonar til ressurskrevjande brukarar samt prosjektmidlar på om lag 1 mill .

**Kostragruppe 19** gjeld i hovudsak gjennomføring av prosjekt innan psykisk helse der delar av midlar har vore sett på bunde fond

## TENESTEOMRÅDE TEKNISK

Teknisk etat er ein samfunnsetat som utfører næringsutvikling, planlegging, drift av kommunal eigedom, investeringar, og drift av kommunal infrastruktur.

### Sentrale utfordringar

Etaten sine 3 hovudutfordringar gjennom året har vore

- Balansere etaten sitt forvaltnings- og tenestetilbodet ifht nasjonale og lokale forventingar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auke innbyggjartal og kundekontakt
- Halde på,- rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområder
- Følgje opp kommunale investeringsplaner frå prosjektering, anbod til gjennomføring i forhold til bemanning og ressurstilgang

### Status og resultat

- **Overordna areal- og samfunnsplanlegging**
  - Førebuing til ny 2. gongs utlegging av Kommunedelplan Lykkja/ Markegardslia, etter gjennomgang av innspel, synfaring, og ny pri. av kommuneplannemnda
  - Etter motsegn frå NVE og Statens Vegvesen, ny gjennomgang av «områdeplan for Trøym sentrum Vest», samt politisk prioritering av nye heislokasjonar
  - Vedtak av planprogram for «Områdeplan for Trøym sentrum aust»
  - Vedtatt områdeplan for Ulsåk,- med unnatak av Fossheim hotell og camping
  - Planprosess inkl vedtak av Stig- og Løypeplan
  - Prosessdeltaking «Regional forvaltningsplan for Hallingdalsvassdraget»
- **Gjennomført prosjektering og investeringar i tråd med overordna utbyggingsstrategi**
  - Etablert gang-/sykkelveg, og frittståande bru parallelt med Skogstad bru, frå Bruhaugen fram til RV 52
  - Ferdig opparbeida nytt bustadfelt – Fiskum, sals klare bustadomter Trøym Sør
  - Ferdigstilt MPG-tiltak,- utvida parkeringsareal ved kommunehus og Legekontor
  - I samarbeid med Innovasjon Norge gjennomført forprosjekt «trebruprosjekt» - identifisert framtidig arkitektur for brubygging i sentrum til fremme for «øyhopping»
  - Oppgradering av ungdomsklubben og fleire kommunale bustadbygg.
  - Tilrettelagt for barnehagedrift i underetasje Ulsåk skule.
  - Miljøstasjon/inngangsparti/uteområde kommune og samfunnshus.
- **Samfunns- og næringsutvikling**
  - Aktiv formidling, og forvaltar av ulik statleg produksjons stønad og kulturlandskapsmidlar til landbruket på ca. kr. 23 mill
  - Vegleie og hjelpe fram søknadar om investeringmidlar til landbruket med tilleggsnæring, - planlagt investeringar for ca. kr. 2 mill.- inv.tilskot kr. 635.000,-
  - Etablert ei rekke møteplassar mellom næringsliv, org. og kommune i form av frukostmøter, hytteigarmøter og oppfølgjing av nyetablerarar
  - Bistått ei rekke nyetableringar, herunder reetablering av Spis Grillstad
  - Sekretær bistand og finansiell bidragsyter for ski- og løypeprodukt på kr. 425.000,-
  - Som eigar av Båstø, vore aktiv deltar i å utvikle Strupa Gravset hyttefelt AS
  - Stønad til reiselivet lokalt og regionalt på ca. kr. 1,1 mill
  - Prosessdriving arbeid med ny næringsplan – ferdig underlagsdokument
  - Kommunen har ca. 3600 adresseverdige bygg der alle bustadhús, hytter og næringsbygg skal tildelast gateadresser. Ved årsskifte er vi på ein dekningsgrad på 40% vegadresser, og 60% matrikkeladresser (bygg), med ein ressursbruk på om lag 1 årsverk
- **Miljø og forureining**

- Beste miljøfyrtårncommune nasjonalt i høve innbyggjartalet
- Registrert 97 avvik på private avløpsanlegg/ tankar i samband med full tømming
- Prosessdrivar for å utvikle eit auke regionalt samarbeid innan vatn- og avlaupsforvaltning i spreidd busette områder. Eit langsiktig mål er å sikre kompetanse, fagmiljø og ressursar i høve kommunen sine forvaltningsoppgåver
- Aktiv deltar i arbeid med regional forvaltningsplan for vatn, EU's rammedirektiv
- Forvalting i form av søknadshandsaming av 15 søknader, og 27 tiltak om kommunalt tilskot til ENØK
- 
- **Tilsyn**
  - Statens Kartverk har gjennomført matrikkellovtillsyn. Det vart påvist 4 avvik, i hovudsak mangefull dokumentasjon, samt rutinar. Alle avvik er følgt opp, og sjekka ut av Kartverket
  - Mattilsynet har gjennomført revisjon/tillsyn ved Krikken Vassverk. Det vart avdekkja 1 mindre avvik som no er retta opp.

#### Status og resultat - driftsavdelinga.

- **Kommunale eigedomsavgifter**

- Gebyrnivået i Hemsedal er ligg ca. 100 kr. over snittet i Hallingdal. Hemsedal skil seg særleg ut i høve når det gjeld avløpsgebyr som ligg i øvste siktet. Samanlikna med Trysil, som kanskje er den kommunen som er mest samanliknbar med Hemsedal, er forskjellen i gebyra mindre.

Tabellen under syner kva ein må betale i kommunale gebyr for ein standard einebustad på 120 m<sup>2</sup>.

Tjeneste	Trysil	Flå	Nes	Gol	Hemsedal	Ål	Hol
Årsgebyr for avfallstjenesten	2670	1874	2440	2073	2350	2242	2725
Årsgebyr for septiktømming	1976	1905	885	1670	1810	1545	1120
Årsgebyr for feiing og tilsyn	386	594	680	471	471	471	302
Gebrysats ved målt forbruk avløp (kr/m3)	22,2	18	21,5	18,3	23,91	16	16,1
Fastledd ved todelt gebyrordeining avløp	1340	2000	700	1070	1677	1958	1276
Gebrysats ved målt forbruk vann (kr/m3)	33	21,82	12	16,9	12,27	12,82	16,31
Fastledd ved todelt gebyrordeining vann	1490	2150	500	880	795	1712	1308

Tek vi utgangspunkt i ein standard einebustad i Hemsedal med eit vassforbruk på 120 m<sup>3</sup> måtte denne i 2014 betale 9 735 kr ekskl. mva. i kommunale gebyr. Dette er ein nedgang på ca. 2,8 % frå 2013.

Tabellen under syner ei samanlikning mellom Hallingdalskommunane og Trysil kommune m.o.t. kommunale gebyr for einebustad med eit vassforbruk på 120 m<sup>3</sup>.

TJENESTE	Trysil	Flå	Nes	Gol	Hemsedal	Ål	Hol
Renovasjon	2 670	1 874	2 440	2 073	2 350	2 242	2 725
Feiing og tilsyn	386	594	680	471	471	471	302
Vann (inkl. vannmålerleie)	5 650	4 768	1 940	2 948	2 367	3 250	3 415
Avløp	4 004	4 160	3 280	3 266	4 546	3 878	3 208
<b>SUM GEBYRER 2014</b>	<b>12 710</b>	<b>11 396</b>	<b>8 340</b>	<b>8 758</b>	<b>9 735</b>	<b>9 841</b>	<b>9 650</b>

- **Vassforsyning**

- Hemsedal kommune har oppfylt hovudmålet for den kommunale vassforsyning ved at det til ein kvar tid er levert nok vatn,- med særskilt god kvalitet og vassforsyninga er sikker og effektiv. Lekkasjeprosenten held seg stabil på ca 23-26%, ca 4-7 % under landsgjennomsnittet.
- Produsert mengde vatn på Krikken ligg ca. 15 % over mengde innløp på Trøim og Ulsåk RA. Dette gir ein svært god indikasjon på at lekkasjeprosenten er låg. Det har vore tre mindre stans i vassforsyninga, totalt 150 kundetimer (250 t i 2013) uvarsle avbrot noko som er ein vesentleg nedgang frå tidlegare år.
- Alt vatn levert ut til kundane har vore 100% hygienisk trygt.
- På landsbasis bør fornyingstakten for ledningsnettet ligge på minimum 2 %. Sett over ein treårsperiode (2012-2014) ligg utskiftingstakten i Hemsedal på ca. 0,6 %. Låg utskiftingstakt i Hemsedal heng saman med at ledningsnettet i Hemsedal er relativt nytt. Gjennom året er det skifta ut 2 viktige kryss/kummer

Tema	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Produsert mengde vatn (1000 m <sup>3</sup> )	392	400	353	349	369	303
Antall lekkasjereparasjoner utført	3	2	1	6	1	3
Berekna lekkasjeprosent (%)	34	25	25	25	25	24
Tot. driftskostn (inkl. +dir. x1000)	4 253	4 331	4 602	4598	4486	4925
Inntekter (ekskl. rente x1000)	4 405	3 575	4 746	4558	4607	4893
Kostnadar energi (x1000 kr)	234	229	229	239	256	242
Kostnadar kjemikaliar (x1000 kr)	28	38	32	36	2	59
Økonomisk dekningsgrad (%)	104	83	103	99	103	99

- **Avlaupshandtering**

- Eit hovudmål når det gjeld avløpshandtering er og overhalde reinsekrav gitt i utslepplyver. Dei kommunale anlegga Trøim og Ulsåk kan som det framkjem av tabellane syne til svært gode resultat i 2014.

TRØIM RENSEANLEGG				Rensekrav overholdt
Paramenter	Krav	Resultat	Ja	Nei
Renseeffekt fosfor (%)	93	99	X	
Totalutsipp fosfor (kg)	164	17	X	
Krav til <u>rengjøring</u> av organisk stoff	-	-	X	
Vannmengde i overløp	<5 %	<1%	X	

ULSÅK RENSEANLEGG				Rensekrav overholdt
Paramenter	Krav	Resultat	Ja	Nei
Middel restkonsentrasjon fosfor pr liter	0,40	0,17	X	
Høyeste restkonsentrasjon fosfor pr liter	0,80	0,73	X	
Renseeffekt fosfor (%)	90	97	X	
Totalutsipp fosfor (kg)	21,9	9	X	
Krav til <u>rengjøring</u> av organisk stoff	-	-	X	
Vannmengde i overløp	<5 %	<1 %	X	

GRØNDALEN RENSEANLEGG				Rensekrav overholdt
Paramenter	Krav	Resultat	Ja	Nei
Middel restkonsentrasjon fosfor pr liter	0,32	0,53		X
Høyeste restkonsentrasjon fosfor pr liter	2,30	1,40	X	
Renseeffekt fosfor (%)	90	94	X	
Totalutsipp fosfor (kg)	53	3	X	

- Resipient overvåking gjennom året - resultat**

- Resipientovervaking i Hemsil er justert for å tilfredsstille krav i vassforskrifta – fokus utslepp fra Trøim reinseanlegg og inneholder målinger av næringssalter- og tarmbakterieinnhold, totalt organisk karbon, suspendert stoff og begroingsalgar.
- Verdiane for totalt nitrogen var generelt noko høgare nedstrøms enn oppstrøms, men ikke i tilstrekkelig grad til at dette påverka den endelige klassifiseringa
- Det er ingen markante forskjellar i fosforkonsentrasjon nedstrøms og oppstrøms reinseanlegget. Gjennomsnittet indikerar svært god tilstand nedstrøms anlegget og god tilstand oppstrøms anlegget

*Den samla tilstanden ble satt til god både oppstrøms og nedstrøms reinseanlegget.*

	Total fosfor	Total nitrogen	Tilstand næringssalter	Tilstand begroingsalger	Samlet tilstand
Prøepunkt	nEQR*	nEQR	Gjennomsnitt nEQR	nEQR	
Oppstrøms	0,71	0,71	0,71	1	God
Nedstrøms	0,76	0,55	0,66	1	God

\*nEQR = Normalisert økologisk kvalitetsratio, varierer fra 0-1 der 1 er best (nærast naturlig tilstand/referansetilstand)

Tabellen viser nøkkeltal for avløpshandtering 2009 – 2014

Tema	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Reinsa avløpsvatn (m <sup>3</sup> ) Trøym	192 430	208 955	202 800	196 069	213 788	192 111
Reinsa avløpsvatn (m <sup>3</sup> ) Ulsåk	84 369	82 824	67 715	77 762	59 646	45 751
Trøym ra renseeffekt (fosfor) (%)	98	96	96	91	93	99
Ulsåk rarenseeffekt (fosfor) (%)	94	94	89	77	90	97
Trøym ra forsforutslepp i kg	32,5	13 79	63	114	111	17
Ulsåk rafosforutslepp i kg	27,2	20,4	33	94	43	9
Tot. driftskost (inndir.+dir. x1000)	7 145	8 187	7 502	7 979	8 500	8 816
Inntakster (x1000)	7 314	7 728	8 006	7 794	7 871	9 078
Kostnadar energi - rensing (x1000 kr)	326	294	289	366	469	404
Kostnadar kjemikalier (x1000 kr)	277	305	229	261	305	366
Økonomisk dekningssgrad (%)	102	94	106	98	93	103

## Status og resultat – egedomsavdelinga

### Nokon nøkkeltall - Kostra

	Hemsedal	Flå	Nes	Ål	Hol	Buskerud	Kostragr 2	Landet
Brutto inv.utg. i kommunal eged.forv./ innbygger (i kr 1.000)	239	16892	1092	1961	8522	2426	3282	3256
Brutto inv.utg. i kommunal eged.forv. i % av samlede brutto innv. utgifter	2,5	80,6	24,3	21,0	31,8	36,1	38,2	38,5
Utgifter til vedlikehald i kommunal eged.forv./ m <sup>2</sup>	75	167	65	155	270	80	60	82
Areal formålsbygg m <sup>2</sup> / innbygger	8,5	12,9	7,4	6,4	8,4	3,6	6,4	4,2

- Hemsedal har også i 2014 investert lite på byggsida. Langt mindre enn dei andre Hallingdalskommunane og landet generelt.
- Hemsedal er også i nedre sjiktet når det gjeld midlar til vedlikehald, men har mykje areal formålsbygg pr innbygger.
- Effektiv og god forvaltning av avdelinga sine ressursar.
- Registrert avvik frå tilsynsorgan – manglande risikovurdering FDV (Forvaltning, Drift og Vedlikehald), og lyd/ støyutfordringar på fleire bygg
- 10 fast tilsette reinhaldarar, og 8 med 100 % stilling. Utfordring i høve lågt antall personar og reinhaldsynskje frå etatane om morgonen, samt ved fråvær.
- Organiseringa av vaktmeistertenestene fungerer godt, men det er behov for meir vedlikehaldressursar og personell
- For lite lager/garasjepllass/verkstad for eigedom. Noverande lager/verkstad eigedom er og tiltenkt musikk og kulturskulen
- Kraftig auke av hærverk og utgifter i høve dette, noko som medfører mykje ekstraarbeid
- Hemsedal kommune har svært få kommunale bustadar pr innbyggjar, samanlikna med dei andre Hallingdalskommunane.
- Hemsedal kommune kjem prosentvis därlegast ut i høve andel bustadar tilrettelagt for rullestolbrukarar.
- Det er fleire avslag og venteliste på trygd- og omsorgbustadar. Ingen venteliste på andre kommunale bustadar

## Resultat - sjølvkostområda knytt til kommunale tenester

Etterkalkyle for dei kommunale betalingstenestene vatn, avløp, renovasjon, slam, bygesak, plan, kart og oppmåling samt feiling i Hemsedal kommune er utført i samsvar til Retningslinjer for

berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester.

Sjølvkost inneberer at kommunens kostnader med å frambringe tenestene skal dekkast inn gjennom dei gebyra som abonnentane eller brukarane betaler. Kommunen har dermed ikkje anledning til å tene pengar på tenestene. For å sikre dette så må kommunen etterskottsvist utarbeide et sjølvkostrekneskap som viser resultatet for det enkelte gebyrområdet.


Sjølvkostrekneskapet opererer med enkelte prinsipp som er forskjellig frå kommunens ordinære driftsregnskap og vil såleis ikkje være direkte samanliknbare.

I grunnlaget for sjølvkost inngår driftsutgifter, kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivingar og rentekostnader), samt fordelte administrasjonsutgifter (både drift og kapital).

Figuren til høyre illustrerer dette. Alle driftsutgiftene for tenesta med unntak av finansielle (KOSTRA-) avskrivingar er med i grunnlaget. Retningslinjene beskriver egne regler for berekning av sjølvkostavskrivingar så desse må bereknast utanfor kommunens regnskap og vil som oftast avvike noko i forhold til dei finansielle avskrivingane. Retningslinjene fastsetter vidare kva administrative oppgåver og funksjoner som er relevant å fordele til sjølvkostrekneskapet, samt dei fordelingsnøklar som bør nyttast. Desse utgiftene blir ikkje fordelt regnskapsmessig og vi vil derfor også her oppleve et avvik mellom kommunens regnskap og sjølvkostrekneskapet.

Av figuren ser man at tenestas resultat i kommunens driftsregnskap aldri vil tilsvare tenesta si sjølvkostresultat og at det i kommunens regnskap såleis alltid vil framstå som om kommunen tener pengar på tenesta sjølv om dette ikkje er tilfelle. I tillegg til de ovanfor nemnte ulikskapane så er kalkulatoriske renter, også kalla alternativkostnad, den størrelsesmessig sett viktigaste årsaka til dette. Desse rentene, som ikkje har en parallel i kommunens driftsrekneskap, skal reflektere alternativavkastninga kommunen går glipp av ved at kapital er bunde i anleggsmidlar.

Ein viktig avgrensing i kommunens handlingsrom i forhold til å fastsette gebyra er at avsett overskot frå det enkelte år skal tilbakeføres til abonnentane i form av lågare gebyr i løpet av en femårsperiode (analogt for underskot). Dette betyr at viss kommunen har fondsmidlar som er eldre enn fire år så må desse i sin heilskap gå til reduksjon av gebyra i det kommande budsjettåret. Eksempelvis må et overskot som stammer frå 2010 i sin heilskap være disponert innan 2015. Det er vidare en rekke faktorar som kommunen ikkje rår over i forhold til kva sjølvkostresultatet for det enkelte år vil bli. Dei viktigaste faktorane er budsjettårets kalkylerente (3-årige statsobligasjonsrenter + 1 prosentpoeng, fastsettes etterskottsvist av Norges Bank), gjennomføringsevne på planlagde prosjekter (kapasitetsbegrensningar intern og eksternt), samt (uventa) inntekter frå nye abonnementar eller brukarar). Dette fører til at det ikkje alltid er like problemfritt å treffe med budsjettet.



## Resultat etterkalkyle 2014

Nedanfor vises årets etterkalkyle for dei betalingstenestene vatn, avløp, renovasjon og slam:

2014 Etterkalkyle selvkost	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtørring	Totalt
Gebyrinntekter	4 844 038	8 984 804	5 144 192	999 744	19 972 778
Øvrige driftsinntekter	49 390	93 972	0	0	143 362
<b>Driftsinntekter</b>	<b>4 893 428</b>	<b>9 078 776</b>	<b>5 144 192</b>	<b>999 744</b>	<b>20 116 140</b>
Direkte driftsutgifter	2 961 348	4 996 649	5 001 801	2 056 913	15 016 808
Auskrivningskostnad	1 083 717	2 567 724	19 914	0	3 671 355
Kalkulatorisk rente (2,52 %)	533 893	939 789	24 840	0	1 498 522
Inndirekte netto driftsutgifter	344 236	310 732	202 520	139 137	986 624
Inndirekte avskrivningskostnad	1 162	1 162	377	243	2 949
Inndirekte kalkulatorisk rente (2,52 %)	196	196	63	42	497
<b>Driftskostnader</b>	<b>4 924 546</b>	<b>8 816 251</b>	<b>5 249 615</b>	<b>2 196 341</b>	<b>21 186 753</b>
+/- Kalkulert renteinntekt/kostnad selvkostfond (2,52 %)	22 436	-42 404	-25 129	-12 757	-57 854
<b>Resultat</b>	<b>-8 682</b>	<b>220 121</b>	<b>-130 552</b>	<b>-1 209 354</b>	<b>-1 128 467</b>
Kostnadsdekning i %	99,4 %	103,0 %	98,0 %	45,5 %	94,9 %
<b>Selvkostfond 01.01</b>	<b>894 647</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>98 452</b>	<b>993 099</b>
- Bruk av selvkostfond	-8 682	0	0	-98 452	-107 134
<b>Selvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)</b>	<b>885 965</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>885 965</b>
<b>Fremforbart underskudd 01.01</b>	<b>0</b>	<b>-1 792 755</b>	<b>931 889</b>	<b>0</b>	<b>-2 724 644</b>
+ Inndeckning av fremforbart underskudd	0	220 121	0	0	220 121
- Underskudd til fremføring	0	0	-130 552	-1 110 901	-1 241 453
<b>Fremforbart underskudd 31.12 (inkl. rente på fond)</b>	<b>0</b>	<b>-1 572 634</b>	<b>-1 062 441</b>	<b>-1 110 901</b>	<b>-3 745 976</b>
Gebyrinntekter	4 844 038	8 984 804	5 144 192	999 744	19 972 778
Gebyrgrunnlag	4 875 156	8 722 279	5 249 615	2 196 341	21 043 391
Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter/gebyrgrennlag)	99,4 %	103,0 %	98,0 %	45,5 %	94,9 %
Regnskapsfeiringsforstagsbalanse	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtørring	Totalt
+/- 2.51xxxx Selvkostfond	-8 682	0	0	-98 452	-107 134
+/- 2.92xxxx Memoriakonto selvkostfond	0	-220 121	130 552	-1 110 901	1 021 332
Regnskapsposisjonsforstags driftsregnskap	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtørring	Totalt
1530 Avsetninger til bundne fond	0	0	0	0	0
1950 Bruk av bundne fond	-8 682	0	0	-98 452	-107 134
Normalgebyr	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtørring	Totalt
Normalgebyr eksklusiv mva.	2 513	5 264	2 350	1 564	11 690
Normalgebyr inklusiv mva.	3 141	6 579	2 938	1 955	14 613

## Rekneskap for teknisk

40 Teknisk	Regnskap 2014	Buds(end) 2014	Avvik(per.) 0	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	Avvik(per.) 0
10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	19 192 673	18 944 000	248 673	18 381 557	18 624 000	-242 443
11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGEN	13 736 256	14 129 940	-393 684	13 548 492	12 934 000	614 492
13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNALEGENPROD	10 157 037	9 402 338	754 699	7 922 924	7 042 000	880 924
14 OVERFØRINGSSUTGIFTER	5 074 247	2 332 120	2 742 127	4 997 637	2 646 000	2 351 637
15 FINANSUTGIFTER	3 732 439	3 554 000	178 439	3 696 107	3 984 000	-287 893
<b>Sum utgifter</b>	<b>51 892 653</b>	<b>48 362 398</b>	<b>3 530 255</b>	<b>48 546 716</b>	<b>45 230 000</b>	<b>3 316 716</b>
16 SALGSINNTEKTER	-26 004 902	-24 037 072	-1 967 830	-23 308 728	-21 086 000	-2 222 728
17 REFUSJONER	-2 142 180	-734 450	-1 407 730	-1 611 073	-669 000	-942 073
18 OVERFØRINGSSINNTEKTER	-2 739 772	-2 778 000	38 228	-2 513 435	-2 508 000	-5 435
